
PRINSIPP-PROGRAM

sameprogram, vedtekter for AKP(m-l)

Vedtatt på det 3. landsmøtet desember 1980

Denne boka tilhører:
AKPs Bibliotek
Osterhausgt. 27
0183 Oslo



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

30,-

Prinsipprogram, sameprogram, vedtekter

for

AKP(m-l)

Vedtatt på det
3. landsmøtet
desember 1980

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

SENTRALE ADRESSER FOR AKP(m-l)
Februar 1981

Arbeidernes kommunistparti (marxist-leninistene) og Rød Valgallianse
Boks 211 Sentrum, Oslo 1
Kontor: Bernt Ankers gate 6 b
Telefon: (02) 41 40 32

Klassekampen, dagsavis for AKP(m-l)
Boks 83 Bryn, Oslo 6
Kontor: Ole Deviks vei 16 a
Telefon: (02) 67 49 90

Røde Fane, tidsskrift utgitt av AKP(m-l)
Redaksjon: Postboks 6875 St. Olavs plass, Oslo 1
Telefon: (02) 11 45 73
Distribusjon: Røde Fane, Boks 83 Bryn, Oslo 6
Telefon: (02) 67 49 90

Rød Ungdom, AKP(m-l)s ungdomsforbund
Postboks 610 Sentrum, Oslo 1
Kontor: Tollbugt. 7 (inng. Skippergata)
Telefon: (02) 11 19 03

Norges Kommunistiske Studentforbund, AKP(m-l)s studentforbund
Postboks 2072 Grünerløkka, Oslo 5
Kontor: Bernt Ankers gate 6b
Telefon: (02) 41 40 32

Forlaget Oktober
Postboks 6514 Rodeløkka, Oslo 5
Kontor: Stockholmsgata 6
Telefon: (02) 35 35 61 / 35 38 71

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Prinsipprogram, sameprogram, vedtekter

for

AKP(m-l)

vedtatt på det
3. landsmøtet
desember 1980

Forlaget Oktober A/S, Oslo

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

© 1981, Forlaget Oktober A/S

Omslag: Øyvind Rauset
1. opplag, februar 1981
Trykt hos A/S Duplotrykk, Oslo 1981
ISBN 82-7094-282-0

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Innhaldsoversikt

Prinsipprogram for Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) 6
Samepolitisk program for Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) 125
Vedtak om militærpolitisk program 137
Vedtekter for Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) 139
Erklæring til den internasjonale kommunistiske bevegelsen 162
Etterord:
AKP(m-l)s 3. landsmøte desember 1980 175
Innhald 183

Ei detaljert liste over innhaldet står bak i boka, sjå side 183 og framover.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

PRINSIPPROGRAM
for
ARBEIDERNES KOMMUNISTPARTI
(marxist-leninistene)

Vedtatt på det
3. landsmøtet
desember 1980

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Innleiing

Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) kjempar for interessene til arbeidarklassen og folket og for sosialismen og kommunismen i Noreg og heile verda.

AKP(m-l)s analyse av situasjonen i verda og i Noreg er samanfatta i *prinsipprogrammet* til partiet. Partiet har også *vedtekter* for organisasjonen og partilivet. Vidare har partiet eigne program for viktige område.*

AKP(m-l) bygger på marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking, slik han i første rekke er forma ut av Marx, Engels, Lenin, Stalin og Mao. Dette er arbeidarklassens revolusjonære teori som er utvikla av røynslene i klassekampen gjennom meir enn hundre år. AKP(m-l) bind denne teorien saman med røynslene som er hausta av den norske arbeidarrørsla.

Det finst viktige spørsmål AKP(m-l) ikkje er ferdig med å analysere. Den historiske utviklinga skaper òg nye fenomen som må bli analyserte på nytt, og programmet kan innehalde feil. Derfor må partiet følgje den hovudkursen programmet stikk opp, og samstundes utvikle politikken når situasjonen endrar seg og partiet får større kunnskapar.

Prinsipprogrammet til AKP(m-l) er vedtatt av landsmøtet. Dersom det er særskilt tungtvegande grunnar til det, og noko anna vil skade partiet, kan sentralkomiteen gjere vedtak som endrar delar av prinsipprogrammet. Dette bør skje etter diskusjon i partiet dersom situasjonen gjer det mogleg.

---

* I dag gjeld det AKP(m-l)s samepolitiske program, som er vedtatt i 1980, og AKP(m-l)s militærpolitiske program, som er vedtatt i 1979. AKP(m-l)s 3. landsmøte vedtok at partiet vil lage eit nytt arbeidsprogram i 1981.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL I
Kapitalismen og imperialismen

KAPITTEL 1
Kapitalismen, imperialismen og revolusjonen

a) Dei indre motseiingane i kapitalismen er uløyselege

Da den menneskelege produksjonen var utvikla så mykje at han gav eit overskot ut over det kvar i sær trong, voks klassane fram. Etter det har verdshistoria vore historia om klassekamp.

Kapitalismen braut gjennom med den første store industrielle revolusjonen og dei store borgarlege revolusjonane. Han sprengde dei føydale lenkene som heldt utviklinga av samfunnet attende. Han ruinerte millionar av småprodusentar og dreiv dei inn i fabrikkane. Han skapte den moderne storindustrien og den moderne arbeidarklassen, proletariatet.

Kapitalismen har skapt produksjonsmiddel som gjer det råd å skape det som trengst for å tilfredsstille alle dei mest turvande livsbehova for alle menneske på jorda. Men kapitalistane nyttar desse produksjonsmidla for sin eigen profitt og ikkje for fellesbehova til menneska. For å trygge makta si har dei bygd opp veldige militærapparat og ført dei blodigaste krigane i historia. Kapitalismen fører til at fleirtalet av menneska på jorda lever i elende. Eit uunngåeleg resultat av kapitalismen er at det oppstår svære økonomiske kriser og krigar, som igjen fører til opprør.

Marx og Engels undersøkte utviklingslovene for den kapitalistiske økonomien og synte at dei indre motsei-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

ingane i kapitalismen lovbunde må føre til at kapitalismen går under. I den moderne arbeidarklassen har kapitalismen også skapt den krafta som vil legge han i grava. Klassekampen må til slutt føre til at proletariatet gjer revolusjon, knuser kapitalismen og skaper sosialismen.

b) Monopolkapitalisme er imperialisme

Frikonkurransekapitalismen har vakse over i monopolkapitalisme. Denne forma for kapitalisme er dominert av store private kapitalistiske monopolgrupper og statsmonopol. Desse monopola kan ikkje nøye seg med å dominere over marknadene i eit einskild land, men må i tillegg drive internasjonal utbytting. Kapitalismen er blitt imperialisme.

Lenin analyserte den kapitalistiske imperialismen og samanfatta dei viktigaste utviklingsdraga hans slik: «Imperialismen er kapitalismen på det utviklingssteget da monopola og finanskapitalen sitt herredøme er oppretta, da kapitaleksporten har fått ei framståande rolle, da oppdelinga av verda mellom dei internasjonale trustane har tatt til og oppdelinga av territoriet på heile jorda mellom dei største kapitalistiske landa er avslutta.»*

c) Berre sosialismen kan følgje etter imperialismen

Lenin synte at det ikkje finst noko grunnlag for eit kvalitativt nytt stadium i kapitalismen etter imperialismen. Imperialismen er det høgaste og siste stadiet i kapitalismen.

Den einaste samfunnsforma som kan avløyse og ko-

* Lenin: «Imperialismen, det høyeste stadiet i kapitalismen» (1916), i *Utvalgte verker i 12 bind,* b. 6, Oktober 1976, s. 130.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

me etter imperialismen er sosialismen. *Tidbolken for imperialismen er derfor samstundes tidbolken for den proletariske verdsrevolusjonen.*

Den første store proletariske sosialistiske revolusjonen sigra i Russland i 1917. Lenin sa at den første verdskrigen og sigeren for revolusjonen i Russland var innleiinga til den allmenne krisa i kapitalismen. Sidan det har sosialistiske revolusjonar sigra i Kina i 1949 og i nokre andre land. I Sovjet og mange andre land har sosialismen gått under etter ei tid og kapitalismen er blitt gjenoppretta. Dette endrar ikkje på at vår tid er den epoken da imperialismen går under i verdsmålestokk og føresetnadene for sosialismen mognast over heile verda.

d) Imperialisme tyder krig — imperialisme skaper revolusjon

Utviklinga under imperialismen gjer at nokre få kapitalistiske makter ligg langt framom dei andre i økonomisk makt, konsentrasjon av kapital og militær styrke. Det er desse sterkaste imperialistiske landa som i første rekke kappast om hegemoni, det vil seie om å legge andre land og område under seg.

Da det ikkje lenger var fleire koloniland å vinne, byrja imperialistmaktene kampen om å ta koloniar frå kvarandre. Dei jaktar ikkje berre på koloniland blant dei lite utvikla jordbrukslanda. Store imperialistiske makter vil òg legge andre kapitalistiske og imperialistiske land under seg og få kontroll over alt som kan gi dei overtak i kampen med imperialistiske rivalar, som aude øyar, polarområde, havområde og verdsromet.

I dei siste tiåra har dei aller fleste tidlegare kolonilanda vunne statleg sjølvstende. Men imperialistmaktene søker å gjere slike formelt uavhengige land avhengige av seg politisk, økonomisk og militært, slik at dei i røynda vert halvkoloniar.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Det er ei lov at kapitalismen utviklar seg *ujamt,* at ulike industrigreiner, ulike kapitalistiske land osb. utviklar seg med ujamn fart. Den økonomiske og politiske makta til ulike statar vert derfor endra med tida. Somme makter går snøgt fram, andre stagnerer, andre går attende.

Dei sterke maktene i tilbakegang har hegemoni over store område, men dei har vanskar med å forsvare herredømet sitt mot andre imperialistar og mot frigjeringsrørslene i landa dei undertrykker. Med dei endra styrketilhøva mellom dei imperialistiske stormaktene som dette fører med seg, vert det også kvassare kamp for å endre den oppdelinga av verda som bygger på dei gamle styrketilhøva.

Rivaliseringa om hegemoniet og den ujamne utviklinga av styrketilhøvet mellom dei imperialistiske stormaktene er *ei kjelde til krig* under imperialismen. Det er årsaka til at imperialistisk aggresjon og krigar mellom imperialiststatar er uunngåeleg så lenge imperialismen finst. *Imperialisme tyder krig.*

Dei urettvise imperialistiske krigane fører også til sin motsetnad. Land som vert utsette for imperialistisk aggresjon forsvarer seg. Koloniar og underkua nasjonar reiser seg mot kolonialisme og fascisme. Slike nasjonale og demokratiske frigjerings- og forsvarskrigar er *rettvise krigar.*

I dei imperialistiske landa sjølve fører dei imperialistiske krigane til indre kriser, skjerpa undertrykking og skarpare klassekamp. Det kan føre til at arbeidarklassen og folket gjer opprør mot dei imperialistiske herskarane. Slike proletariske revolusjonære krigar er òg *rettvise krigar.*

Motsetningane i det imperialistiske verdssystemet er den viktigste faktoren som utløyser sosialistisk revolusjon. «Tidlegare såg ein den proletariske revolusjonen berre som eit resultat av den indre utviklinga i vedkomande land. No er dette standpunktet alt utilstrekkeleg. No må ein først og fremst sjå den proletariske re-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

volusjonen som eit resultat av utviklinga av motsetningane i det imperialistiske verdssystemet.» (Stalin)*

Samstundes understreka Stalin at revolusjonen utviklar seg ut frå dei særskilde vilkåra i dei einskilde landa. På grunn av den ujamne utviklinga vil revolusjonen sigre i kvart einskild land og *ikkje* i heile verda i eitt slag.

Utviklinga av imperialismen har også utvida grunnlaget for den sosialistiske revolusjonen i verda. Dei nasjonale kampane mot imperialismen svekker imperialismen og styrker kampen for sosialismen. Derfor er slike anti-imperialistiske og nydemokratiske revolusjonar ein del av den sosialistiske verdsrevolusjonen, anten dei fører til siger for sosialismen i sine eigne land eller ikkje. «Ein slik revolusjon går til åtak på imperialismen i sjølve røtene hans, og vert såleis ikkje tolt, men motarbeidd av imperialismen. Derimot vert han støtta av ... det internasjonale sosialistiske proletariatet. Såleis vert ein slik revolusjon av denne typen ein uskiljeleg del av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen.» (Mao)**

Utviklinga av motsetningane innanfor imperialismen, krisene, undertrykkinga og krigane, fører uunngåeleg til *revolusjonar mot imperialismen.* Det driv fram den sosialistiske verdsrevolusjonen som vil legge imperialismen i grava og dermed gjere slutt på krigen.

---

* Stalin: «Om leninismens grunnlag» (1924), i *Spørsmål i leninismen,* Oktober 1976, s. 23.

** Mao: «Om nydemokratiet» (1939), i *Verker i utvalg,* b. 2, Oktober 1979, s. 337.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 2

Situasjonen i verda i dag

a) Dei grunnleggande motseiingane i verda

Lenin og seinare Stalin analyserte motsetnadene i verda etter oktoberrevolusjonen i 1917. Analysane deira syner at desse fire motseiingane er grunnleggande:

— motseiinga mellom imperialistmaktene på den eine sida og dei undertrykte landa og nasjonane på den andre,
— motseiinga mellom borgarskapet og arbeidarklassen i dei kapitalistiske landa,
— motseiinga mellom dei imperialistiske landa innbyrdes,
— motseiinga mellom sosialistiske land og imperialistiske land.

Ingen av desse motseiingane kan løysast for godt så lenge det imperialistiske verdssystemet finst. Det vil ikkje seie at dei heile tida er like skarpe eller spelar like stor rolle. For ei tid kan ei eller fleire av dei bli mindre skarpe og spele ei mindre viktig rolle, medan andre kjem i forgrunnen. Men vi kan ikkje forstå utviklinga i verda i vår tid utan å ta omsyn til alle fire.

I den første tida etter den 2. verdskrigen stabiliserte det imperialistiske verdssystemet seg mellombels. Frigjeringskampane til kolonilanda har retta harde slag mot det imperialistiske verdssystemet. Nesten alle viktige kapitalistiske land har gått gjennom harde økonomiske kriser, og dette har også forsterka utbyttinga og elendet i mange land i den tredje verda. Rivaliseringa og dei lokale krigane skjerpar motseiingane endå meir. Samstundes er kapitalismen på veg inn i ein ny teknologisk revolusjon som utviklar produksjonsmidla kraftig og som må føre til svære jordskjelv på den kapitalistiske verdsmarknaden, skarpare rivalisering mellom

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

kapitalistiske land og grupper og skarpare klassekamp. I løpet av dei siste tiåra har imperialismen igjen utvikla seg i retning av skarpare indre motseiingar og større krise.

Utviklinga no fører verda inn i ei tid da dei fleste grunnleggande motseiingane vert skjerpa.

b) Tredelinga av landa i verda

Mao Zedong analyserte verdsutviklinga etter den andre verdskrigen og kontrarevolusjonen i Sovjet. Han fann at i 70-åra var det rett å dele landa i verda i tre hovudgrupper etter stillinga deira i høve til det imperialistiske verdssystemet. Denne inndelinga er kjend som teorien om dei tre verdene.

Den første verda er dei sterkaste imperialistiske maktene, Sovjet og USA. Berre desse statane er *supermakter,* for berre dei to er sterke nok til å kjempe om verdsherredømet. Desse supermaktene er hovudstøttene til reaksjonen over heile verda.

Den andre verda er dei andre utvikla kapitalistiske landa i Vest- og Aust-Europa, Japan, Canada, Australia og New Zealand. På den eine sida er monopola i desse landa med på å hauste imperialistisk profitt i den tredje verda. På den andre sida er alle desse landa sjølve truga og pressa av supermaktene.

Den tredje verda er den gruppa av land som står skarpast i motsetnad til imperialistmaktene. Det er tidlegare koloniland som er fattige fordi dei er haldne nede i kunstig underutvikling og fordi rikdomane deira vert plyndra av imperialismen. Kina høyrer til den tredje verda fordi det er eit land som har vore utbytta av imperialismen og framleis er truga av supermaktene. Det er i den tredje verda den hardaste kampen mot imperialismen blir ført, og her er dei revolusjonære rørslene sterkast no.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Teorien om dei tre verdene er ein viktig reiskap for å analysere den internasjonale situasjonen no og rettleie kampen mot imperialismen. Han erstattar ikkje analysen av dei indre motseiingane i dei ulike statane og landa i verda. Han erstattar heller ikkje analysen av dei fire grunnleggande motseiingane i verda i den epoken vi er i no. Han forklarer tilhøvet mellom dei ulike landa i verda på eit særskilt historisk tidspunkt.

Denne inndelinga av verda er gyldig i dag (1980), og kjem sikkert til å prege utviklinga i mange år framover.

c) Kampen i den tredje verda

Dei fleste landa i den tredje verda har no vunne formelt sjølvstende, men mange av dei er framleis halvkoloniar, og dei fleste av dei lir i større eller mindre grad under imperialistisk utbytting. Somme av landa har store restar av føydalisme, mellom anna fordi imperialismen har halde føydalismen oppe for å lette utbyttinga si.

Mao Zedong slo fast at kampen den tredje verda fører mot imperialismen, i dag er hovuddrivkrafta for framsteg i verdshistoria.

Det var kampane i den tredje verda som knuste koloniveldet og gjorde dei fleste gamle kolonimaktene til annanrangs imperialistar. Det var revolusjonar og frigjeringskampar i slike land som stogga frammarsjen for USA-imperialismen og ga støyten til at han no går attende. No får den sovjetiske supermakta hardast motstand i land i den tredje verda. Det er i desse landa dei store frigjeringsrørslene mot imperialismen og folkeopprøra mot føydalisme og fascisme har vakse fram dei siste tiåra.

Rørslene mot imperialisme og for frigjering, nasjonalt sjølvstende og demokrati i den tredje verda er svært breie politisk. Dei femnar om arbeidarar, bøn-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

der og andre arbeidsfolk, men omfatter også mange nasjonale borgarar og tilmed føydalistar og statsbyråkratar. Ikkje berre frigjeringsrørsler og revolusjonære organisasjoner, men jamvel regjeringar og statar som undertrykker folkemassane innanlands, vert tvungne til å gå mot imperialismen.

d) USA — supermakt i tilbakegang

Etter 2. verdskrigen var USA den sterkaste imperialistmakta. USA gjorde seg til herre over koloniane til mange andre imperialistiske land og vart leiaren for den imperialistiske blokka. USA-imperialismen vart den største fienden for folka i verda.

Men i dag er USA på tilbakegang. Mange land har frigjort seg frå USA-imperialismen. Andre imperialistiske land utviklar økonomien sin raskare enn USA og går imot USA-imperialismen i fleire politiske spørsmål enn tidlegare. Dei økonomiske krisene har også ramma USA hardt. Alt dette har skjerpa klassekampen i USA og har ført til skarpe motsetnader innan monopolborgarskapet i USA.

I dei siste åra har Sovjet gått forbi USA militært. USA er ikkje lenger den sterkaste og farlegaste av dei to supermaktene.

Samstundes er USA framleis det rikaste landet i verda med større produksjonskapasitet enn noko anna land. Det er òg på mange område meir langtkome enn Sovjet teknologisk. USA har framleis større økonomiske interesser i andre land enn noka anna imperialistmakt. USA har ein enorm hær og politiske, økonomiske og militære støttepunkt i alle verdsdelar. USA har framleis krefter til å ta del i kampen om hegemoni på heile jordkloten.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

e) Sovjet i dag — den farlegaste supermakta

I 50-åra tok borgarskapet i Sovjet makta gjennom ein kontrarevolusjon. Sjølv om Sovjet-økonomien har sine særeigne kjenneteikn samanlikna med kapitalismen i Vesten i dag, er kjernen den same, fordi begge er kapitalistiske utbyttingssystem. Det nye borgarskapet har tatt makta over produksjonsmidla og i staten, og utgjer ein herskande klasse som utbyttar og undertrykker arbeidarklassen og folket.

Kapitalen i Sovjet er sterkare konsentrert enn i noko anna imperialistisk land og er direkte kontrollert av den gruppa som herskar over regjeringa og militærapparatet. Statsmakta har mange felles drag med Hitler-diktaturet. Dette gjer det lettare for Sovjet enn for alle andre imperialistiske land å ruste kraftig opp og starte krigseventyr utan å møte mykje open motstand innanlands.

Mesteparten av den tidlegare sosialistiske leiren er blitt eit system av nykoloniar under Sovjet-imperialismen. Seinare har Sovjet klart å nytte revolusjonære rørsler som til dømes i Vietnam, på Cuba og i Afrika til å kome inn bakvegen og gjere land som frigjorde seg frå USA-imperialismen til nykoloniar for seg. Sosialimperialismen har klart å gjere mange tidlegare kommunistiske parti og frigjeringsrørsler til reiskapar for seg. Mange av dei som slåst mot USA-imperialismen og annan vestleg imperialisme har fram til 1980 enno ikkje gjennomskoda sosialimperialismen og «anti-imperialistar» som i røynda er agentar for den. Desse kreftene kan sosialimperialismen nytte til å skaffe seg makta i land ved hjelp av politisk infiltrasjon og statskupp.

I dag er sosialimperialismen ei supermakt i framgang. Han har den sterkaste imperialistiske hæren i verda. Dei siste åra har han erobra nye koloniar og nykoloniar. Han er den viktigaste eksportøren av fascisme og kontrarevolusjonære krigar. Sosialimperialis-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

men har tatt plassen som den største fienden av folka i heile verda.

Også økonomisk har Sovjets potensiale auka. Den sovjetiske økonomien har vakse raskare enn USAs, sett over ein periode på 25 år. Voksteren har vore særleg sterk for produkt som er strategisk viktige, som stål og sement, der Sovjet no går forbi USA.

Sosialimperialismen er likevel veik innanlands. Han strir med ein tilbakeliggande økonomi som er arva frå tsartida og som ikkje vart overvunne gjennom tiår med sosialisme. Særleg alvorleg er den låge produktiviteten i industri og landbruk. Sovjet manglar mykje viktig teknologi som USA og andre imperialistland har, og er plaga av stadige jordbrukskriser.

Sovjet har ein krigsøkonomi. Mykje av produksjonen er omstilt for militære føremål. Militærindustrien veks seg stadig større og skaper ubalanse og kriser i økonomien som heilskap.

Militærøkonomien fører til svært hard undertrykking og utbytting av arbeidarane og bøndene. Dei politiske og økonomiske vilkåra deira er mykje dårlegare enn i dei fleste høgt utvikla kapitalistiske land.

Sovjet er ein fleirnasjonal stat der herskarane freistar å utnytte storrussisk sjåvinisme til å stø opp om makta si og der andre nasjonar vert behandla som koloniar og undertrykte. Sovjet er igjen blitt eit «fengsel for nasjonane» som Tsar-Russland var.

For å halde på maktа si har monopolborgarskapet oppretta eit hardt fascistisk diktatur med eit enormt hemmeleg politi og eit nett av fengsel og konsentrasjonsleirar. Det tidlegare kommunistpartiet er gjort om til eit statsberande fascistisk parti.

Dei sosialimperialistiske leiarane fryktar indre opposisjon, opprør og borgarkrigar. Dei freistar å bruke ekspansjon og spente situasjonar utanlands til å halde seg ved makta innanlands. Dei indre vanskane er med på å prege utanrikspolitikken og gi han ei særleg farleg og aggressiv form.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

f) Rivaliseringa mellom supermaktene

Sovjet er ei ny supermakt på veg oppover. Ut frå den samla styrken Sovjet har, økonomisk, politisk og militært, er Sovjet den einaste verkelege imperialistiske rivalen USA står overfor i verda i dag. Den aukande styrken til Sovjet saman med tilbakegangen til USA gjer situasjonen mogen for ei nyoppdeling av verda.

Lenin peikte på: «Kapitalistane deler ikkje opp verda fordi dei er særskilt vondskapsfulle, men fordi den konsentrasjonsgraden som er nådd, tvingar dei til å ta i bruk denne metoden for å oppnå profitt. Og dei deler ho opp "i samsvar med kapitalen", "ut frå styrke", fordi det ikkje finst nokon annan oppdelingsmåte under vareproduksjonen og kapitalismen.»*

Hovudmålet for sosialimperialismen i dag er å bu seg på det avgjerande slaget med USA-imperialismen. Sosialimperialismen er økonomisk mykje veikare enn USA-imperialismen. Han kan ikkje tevle når det gjeld kapitaleksport og konkurransen om marknader. Derfor vert hovudmetoden hans for å trenge fram i område der USA er veikt, militært press og militære eventyr. For å nå måla sine overfor USA-imperialismen, må Sovjet-imperialismen dermed legge meir og meir vekt på opprusting og militarisering av heile samfunnet.

«"Krig er framhaldet av politikken med andre" (dvs. valdelege) "middel"» (Lenin).** Politikken til sovjetleiarane i dag er ekspansjon gjennom militære middel, og utfordring av rivalen USA ved å bygge opp ei krigsmakt som er USA overlegen når det gjeld

---

* Lenin: «Imperialismen, det høyeste stadiet i kapitalismen» (1916), i *Utvalgte verker i 12 bind,* b. 6, Oktober 1976, s. 116.

** Lenin: Sosialisme og krig» (1915), i *Sosialisme og krig,* Oktober 1976, s. 14. Sjå også «Krig og revolusjon» (1917), i *Collected Works,* b. 24, Moskva 1964, s. 339—340 og følgjande.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

våpenstyrke og effektivitet. Framhaldet av denne politikken kan bli ein direkte militær konfrontasjon med USA. Det striden står om, er kva for supermakt som skal herske over verda. Sovjets kamp med USA kan føre verda ut i ein ny verdskrig.

g) Kampen om Europa og Midt-Austen

Militært og økonomisk er Europa det viktigaste området for rivalisering mellom supermaktene. Her har begge supermakter konsentrert størst militære styrkar. Her er det rikaste og mest konsentrerte industriområdet i verda.

Dei fleste landa i Aust-Europa er undertrykte av den sovjetiske supermakta. Sovjet utnyttar arbeidskrafta, industrien og marknadene i desse landa i samsvar med sine interesser, og nyttar landa som militære oppmarsjområde mot Vest-Europa. Den sovjetiske invasjonen i Tsjekkoslovakia i 1968 synte at Sovjet er budd på å bryte ned all motstand som kan truge deira interesser ved å gå til militære overfall på desse landa.

Dei kapitalistiske og imperialistiske landa i Vest-Europa har for det meste vore allierte med og underordna USA etter den andre verdskrigen. Somme av landa, som Storbritannia og Frankrike, er tidlegare imperialistiske stormakter. Men i dag er dei ikkje i stand til å konkurrere om koloniane på line med supermaktene. Statane i Vest-Europa fryktar Sovjet, men har òg motseiingar til USA og til kvarandre. Arbeidarklassen i dei fleste landa i Vest-Europa er ikkje godt mobiliserte mot sosialimperialismen (1980), og i somme land er store delar under innverknad frå politikarar som stør han. Kvar for seg er statane i Vest-Europa underlegne den sovjetiske militærmakta. Sovjet kan ha framgang overfor desse statane både ved å drive infiltrasjon og diplomatisk press.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Sovjet freistar å skaffe seg posisjonar i Asia og Afrika særleg for å ringe inn Europa. Dette gjer motsetnadene spesielt skarpe i Midt-Austen. I tillegg til å vere inngangsporten til Europa har dette området dei rikaste oljekjeldene i verda. Klarer Sovjet å vinne kontroll over Midt-Austen, har det vunne ein strategisk nøkkelposisjon overfor USA, Vest-Europa og andre land i den andre verda som er avhengig av oljeleveransane frå området.

h) Verda er svanger med krig

Ved inngangen til 70-åra peika Mao på utviklinga i retning av ein ny verdskrig. Han sa: «Anten vil krigen føre til revolusjon, eller så vil revolusjonen hindre krigen.»*

I 70-åra har det vore mange framgangsrike nasjonale frigjeringskrigar og mange revolusjonære rørsler for demokrati og framsteg i den tredje verda. Men motsetnadene mellom dei to supermaktene har skjerpa seg raskare. I 1980 er det ikkje utviklinga i retning av revolusjon som først og fremst pregar verdssituasjonen, men utviklinga mot ein ny verdskrig.

I dag har den sovjetiske framrykkinga kome til område der ho raskt kan truge dei økonomiske livsinteressene til USA. Ei fredeleg løysing på motsetnadene mellom supermaktene er lite truleg. Det er no mest sannsynleg at rivaliseringa mellom dei vil føre til ein tredje verdskrig som blir utløyst av den sovjetiske ekspansjonismen.

---

* Sitert i leiarartikkel i Folkets Dagblad, Raude Flagg og Frigjeringshærens Dagblad 1. januar 1970, her etter *Leninisme eller sosialimperialisme,* Oktober 1975, s. 25.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

i) Noreg i verda i dag

Den fredelege utviklinga i Noreg sidan 1945 har skapt illusjonar om at Noreg kan halde fram med å vere eit fredeleg hjørne i ei krigersk verd. Men det kapitalistiske Noreg kan ikkje unngå å bli ramma av store internasjonale kriser og krigar.

Rivaliseringa i Europa har ført til at Sovjet har lagt stadig hardare press på Noreg. Sovjet samlar stadig større troppestyrkar ved grensa i nord. For Sovjet er Noreg ein del av inngangsporten til Nord-Atlanteren både frå Kola-halvøya og frå Leningrad. Derfor freistar Sovjet i fredstid å skaffe seg så sterk posisjon som mogleg på Svalbard og i dei norske havområda i nord. Samstundes legg Sovjet press på den norske regjeringa for å få henne frå å ta tiltak som sikrar norske interesser mot Sovjet.

Om det bryt ut krig i Europa, er det sannsynleg at Sovjet vil freiste å ta Noreg gjennom eit militært lynåtak. Dette trugsmålet er den største faren for det norske folket no.

NATO på si side planlegg å møte eit sovjetisk angrep i Noreg. Men mellom anna av di NATO og den norske hæren er underlegne Sovjet i militær styrke, er det mogleg at USA vil møte eit sovjetisk åtak her ved å bruke atomvåpen i Noreg. Det er også mogleg at NATO og USA lar Sovjet ta Noreg for å konsentrere styrkane sine på andre frontar.

Alt i alt er verdssituasjonen no svært alvorleg for den norske staten og folket i Noreg.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 3

Kampen mot imperialismen og krigen

a) Kreftene må samlast mot Sovjets krigspolitikk

Sovjets imperialistiske ekspansjon trugar alle land med åtak. Dersom han ikkje vert stogga, vil han utløyse ein tredje verdskrig som vil føre til forferdelege ulykker for menneska.

I 1980 er det den mest brennende oppgåva for folka i verda å skape ein brei internasjonal front mot Sovjets ekspansjons- og krigspolitikk.

Det har særleg mykje å seie at det blir utvikla omfattande internasjonal støtte til dei folka og landa som fører kamp for å forsvare seg mot sosialimperialismen. Den væpna kampen dei fører tappar Sovjets militære og økonomiske styrke. Støtte til slik kamp er derfor også forsvar for andre land.

Fronten mot Sovjet må samle folka i den tredje verda, i dei utvikla kapitalistiske landa og i supermaktene, frigjeringsrørsler og nasjonale parti i den tredje verda, arbeidarorganisasjonar i dei utvikla kapitalistiske landa og opposisjonsgruppene i Aust-Europa og andre land som sosialimperialismen herskar over.

Det er òg eit mål at det store fleirtalet av statar og regjeringar i den tredje verda og den andre verda tar stilling mot Sovjets krigspolitikk, same kva politikk dei fører i andre saker.

b) Kampen mot anna imperialistisk undertrykking

At kreftene må samlast mot Sovjet, vil ikkje seie at kampen mot annan imperialisme kan ta slutt.

I 1980 finst det framleis mange land som er nykoloniar under USA eller truga av USA på anna vis. Kolo-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

nistatane Israel og Sør-Afrika stør seg i hovudsak på imperialistmakter i vest. Reaksjonære halvføydale regime og brutale fascistiske diktatur vert haldne oppe av USA og andre vestlege imperialistar.

Frigjeringskamp, opprør mot fascisme og revolusjonar i slike land treng brei internasjonal støtte.

Kampen mot sosialimperialismen krev ikkje at arbeidarklassen i imperialistiske og kapitalistiske land skal slutte å føre kamp mot sitt eige borgarskap.

Dei mest medvitne anti-imperialistane må delta aktivt i og stø kampen mot all imperialisme og undertrykking. Det tener til å frigjere større krefter som i sin tur kan styrke kampen mot sosialimperialismen, og gjer det òg vanskelegare for Sovjet å infiltrere frigjeringsrørslene og arbeidarrørsla.

Det er bra for folka i verda når USA-imperialismen ikkje klarer å kome til avtalar med Sovjet om kven av supermaktene som skal undertrykke tredjeland, og går mot somme av framstøytane frå Sovjet. Motsetnadene mellom supermaktene må utnyttast mot den overhengande faren. Men det er òg ein fare for at USA vil nytte Sovjets aggresjon som påskot til å styrke si eiga makt over andre land.

Om ein reaksjonær statsminister går mot sovjetisk aggresjon, er det bra. Om folket gjer opprør og set inn ein revolusjonær statsminister som går mot Sovjet, er det betre. Der det er imperialisme, fascisme og klasseundertrykking, vil også motstandsevna mot ytre åtak vere mindre. Den aller sterkaste krafta mot imperialistisk aggresjon er det arbeidande folket som har reist seg.

c) Kamp mot ABC-våpen og folkemord

Historia viser at jo meir aggressiv og desperat ei imperialistmakt er, jo større er sjansen for at regjeringa

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

skal ta i bruk masseøydeleggingsvåpen og gjennomføre folkemord mot sivile.

I dag har supermaktene store lager av ABC-våpen (atomvåpen, biologiske våpen og kjemiske våpen).

Det er ei viktig sak for folka i verda å krevje at supermaktene stoggar produksjonen av ABC-våpen og øydelegg lagera som alt finst. Kamp som gjer det vanskelegare å bruke slike våpen forsvarer massane i krigar som blir førte no og i ein storkrig i framtida. Det er òg naudsynt å reise kamp mot at heile nasjonar og folkegruppar vert gjort til inkjes gjennom massemord og utsvelting.

Kampen mot ABC-våpen og folkemord må rettast mot begge supermaktene, og særleg mot Sovjet, som har flest slike våpen, brukar dei i krigar i dag og er drivkrafta bak dei største folkemorda og flyktningeproblema i 1980.

d) Kva kan hindre eller utsette krigen?

AKP(m-l) stør kampen for å freiste å hindre krigen, og går mot krigsførebuingane til begge supermaktene.

Men skal fredsrørsla verkeleg kunne vinne fram, må ho særleg rette seg mot den farlegaste kjelda til krig, Sovjetunionen. Ho må avsløre og fordøme Sovjets planar om krig, og stø dei folka og landa som forsvarer seg mot aggresjon frå Sovjet i dag.

Sovjet dekker ekspansjons- og krigspolitikken sin med snakk om «fred» og «avspenning» og freistar å skape falske «fredsrørsler» i mange land. Formålet er å skaffe støtte til sovjetisk aggresjon over heile verda og hindre land i den andre og tredje verda frå å bu seg på å møte sovjetisk aggresjon.

Den verkelege fredsrørsla må avsløre desse tiltaka frå sosialimperialismen, og kjempe mot ein politikk som går ut på å svare på sovjetisk ekspansjonisme med å gi etter. Å møte sovjetisk aggresjon med å gi etter er

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

München-politikk som berre kan ende med ein tredje verdskrig.

e) Kva om verdskrigen bryt ut?

Om ein tredje verdskrig bryt ut, vil han mest truleg starte som ein krig mellom Sovjet og USA utløyst av sovjetiske militære åtak. Det er òg tenkeleg at ein verdskrig kan bryte ut til dømes ved eit sovjetisk åtak på Kina eller på fleire ulike land samstundes, sjølv om dette er mindre truleg.

I ein tredje verdskrig vil land i den tredje verda som kjempar mot åtak frå Sovjet føre rettvis forsvarskrig. Det same gjeld kapitalistiske land i den andre verda, anten det er mindre land som Noreg eller relativt større land som Vest-Tyskland, Storbritannia eller Japan.

Krigen mellom Sovjet og USA vil grunnleggande vere ein imperialistisk omfordelingskrig frå begge sider, der den som sigrar vonar å vinne verdsherredømet. Kva taktisk stilling dei som fører rettvis forsvarskrig tar til krigen mellom supermaktene, vil vere avhengig av kva dei ser som det største trugsmålet mot seg sjølve. Det er derfor mogleg at land som vert overfalne av Sovjet vil sjå interessene sine tente med ein allianse med den andre supermakta. Samstundes er det klart at USA vil freiste å nytte slike alliansar til å skaffe seg sjølv herredøme over andre land i løpet av krigen.

Ein tredje verdskrig vil føre til nasjonalrevolusjonære krigar i land som Sovjet går til åtak på, og til opprør i land som er okkuperte og undertrykte av Sovjet frå før. Det er òg svært sannsynleg at folk i undertrykte land i den tredje verda vil reise seg, også folk i land som er dominerte av USA.

Om sovjetiske åtak fører til ein tredje verdskrig, vert den første oppgåva for folka over heile verda å slå tilbake åtaka og vinne over sosialimperialismen. Den neste oppgåva er å kjempe for at krigen sluttar med re-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

volusjon og at det arbeidande folket i så mange land som råd er tar makta og byrjar å bygge sosialismen. Berre da vil krigen slutte med at all imperialisme får eit tilbakeslag og går nærmare grava, og dermed også med at tida etter den tredje verdskrigen ikkje vert eit mellomspel før ein fjerde verdskrig.

f) Proletarisk internasjonalisme

Imperialismen er eit internasjonalt system. For at dei arbeidande menneska i verda skal frigjere seg, er det ikkje nok at borgarskapet i ein einskild stat vert styrta eller at ei einskild imperialistisk makt vert nedkjempa. Det er naudsynt å sigre over alle imperialistar og styrte alt borgarleg herredøme i heile verda.

Dette krev at arbeidarklassen og det arbeidande folket i alle land sluttar seg saman og kjempar saman. Det vil seie at dei må styrke den *proletariske internasjonalismen.*

Hovudkrafta for å frigjere eit land og gjere revolusjon og bygge sosialismen er folket i landet sjølv. Men i dag er det ikkje mogleg for nokon revolusjon å sigre utan støtte frå folka i mange andre land i verda.

Proletarisk internasjonalisme er særleg viktig for arbeidarklassen i dei imperialistiske landa, som må slåst mot imperialismen til sitt eige borgarskap og stø dei undertrykte folka som kjempar mot imperialismen. For eit folk som undertrykker eit anna folk kan ikkje sjølv vere fritt (Marx).

Proletarisk internasjonalisme betyr å stø land som har gjort revolusjon, arbeidarklassen ved makta som bygger sosialismen. For verkelege sosialistiske land vil møte åtak frå imperialistar som vil freiste å knuse sosialismen ved hjelp av krig.

Ei eldprøve for proletarisk internasjonalisme i dag er om ein stør dei som kjempar mot den farlegaste supermakta, den sovjetiske sosialimperialismen.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Nettopp no, da ein tredje verdskrig trugar, er det særskilt viktig å utvikle den proletariske internasjonalismen.

For at samhaldet i kampen arbeidarklassen og folka fører i ulike land skal kunne utvikle seg, må dei verkelege marxist-leninistiske partia og kreftene i ulike land stå saman og stø kvarandre på grunnlag av likeverd og gjensidig respekt.

Imperialismen ser mektig ut, men han er dødssjuk av uløyselege indre motseiingar. Derfor kalla Lenin han for ein koloss på leirføter, og Mao kalla han ein papirtiger. Det er arbeidarklassen og folket i verda som er dei verkeleg sterke. Dersom dei sluttar seg saman og kjempar mot imperialismen, kan dei gjere slutt på all krig og avskaffe all undertrykking og utbytting på jorda for all framtid.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL II
Klassekampen i Noreg

KAPITTEL 4
Noreg og imperialismen

Noreg er ein sjølvstendig stat der det norske borgarskapet har makta. Det er kampen mellom klassane i Noreg som avgjer utviklinga. Men denne indre utviklinga er svært nært knytta saman med utviklinga i verda. Noreg er eit lite og relativt veikt kapitalistisk land, og det er uråd å forstå utviklinga av motsetnadene i Noreg utan samstundes å analysere utviklinga av sambandet mellom Noreg og resten av verda.

Dette gjer òg at det er svært sannsynleg at ein sosialistisk revolusjon i Noreg vil bli utløyst av store internasjonale hendingar og kriser i heile det imperialistiske verdssystemet.

Tre faktorar er særskilt viktige å ta omsyn til når vi skal forstå utviklinga i Noreg.

Noreg er ein del av den imperialistiske verdsmarknaden. Den norske økonomien er svært nært integrert med den imperialistiske verdsmarknaden. Utanlandske monopol driv i Noreg, og norske monopol driv i utlandet. Mykje av produksjonen er retta inn på eksport, og mykje av produksjonen, konsumet og økonomien i det heile tatt er avhengig av import. Store endringar i marknaden, prisane, kriser, ny teknologi osb., må derfor også få store verknader på økonomien og klassekampen i Noreg.

Noreg er sjølv eit lite imperialistisk land. Dei norske monopola hevar sjølve superprofittar i den tredje ver-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

da. Dei er imperialistar som har interesse av at det imperialistiske økonomiske verdssystemet held fram med å fungere. Noreg har aldri hatt koloniar i den tredje verda, og har ikkje makt til å skaffe seg sjølv hegemoni. Dei norske monopola er derfor avhengige av støtte og vern for sine imperialistiske interesser i den tredje verda frå større imperialistmakter. Noreg har stødd undertrykkinga som USA, England og Frankrike har drive i nokre land. I andre høve har Noreg stødd somme frigjeringsrørsler og land i den tredje verda. Solidaritet og fellesinteresser med vestlege imperialistmakter avgjer i nokre tilfelle, medan press frå det norske folket og konkurranseinteressene til store norske monopol avgjer i andre.

Noreg er truga av sterkare imperialistmakter. Den strategiske posisjonen og dei rike oljekjeldene gjer Noreg til eit tiltrekkande bytte for sterkare imperialistar. Dette har også gjort at det norske borgarskapet har søkt støtte ved å underordne seg sterkare imperialistmakter. USA-imperialismen har ei sterk stilling i Noreg, og er den makta det norske borgarskapet vonar å kunne stø seg på.

Etter at sosialimperialismen er blitt det farlegaste trugsmålet, har somme i borgarskapet reagert med å ønskje meir motstand mot sovjetisk press, og dermed kravd nærare allianse med USA. Andre vil svare på presset med å gi meir etter. Samstundes har Noreg også motseiingar til USA og andre land i vest. USAs makt i verda har også gått attende. Dette fører til ein vaklande kurs i høve til det sovjetiske presset.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 5

Klassar og klassemotsetnader i det norske samfunnet

a) Hovudmotseiinga

I det høgt utvikla kapitalistiske Noreg går den grunnleggande motseiinga mellom samfunnskarakteren til produksjonen og den private karakteren til eigedomen.

Når det gjeld klassetilhøva, så kjem denne motseiinga fram i motseiinga mellom borgarskapet og proletariatet. I 1980 er dette hovudmotseiinga som styrer og påverkar utviklinga av alle andre motseiingar i det norske samfunnet.

b) Klassane i Noreg

Klassar er store grupper menneske som skil seg frå kvarandre ved den plassen dei har i eit historisk bestemt sosialt produksjonssystem. Dei skil seg etter:

- eigedomstilhøva til produksjonsmidla,
- rolla i den sosiale organiseringa av arbeidet,
- delen dei får av den sosiale rikdomen og måten dei får han på.

Utviklinga av kapitalismen forenklar klassemotseiingane. I Noreg er borgarskapet og proletariatet dei to viktigaste klassane som står mot kvarandre.

Mellom desse to klassane står småborgarskapet, som ikkje er nokon einsarta klasse, men deler seg i mange ulike grupper. Det er uråd for småborgarskapet å ta makta i Noreg og skipe eit småborgarleg samfunn med ein småborgarleg økonomi. Derfor må småborgarskapet knytte seg til borgarskapet eller proletariatet i klassekampen.

I klassesamfunnet vil det alltid finnast grupper og

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

lag som står i overgangen frå den eine til den andre klassen. Den veldige utviklinga av høgare utdanning i dei siste tiåra og den nye industrielle revolusjonen som er i gang no, fører også til endringar i klassetilhøva. Det oppstår nye yrke, arbeidsdelinga vert endra. Såkalla «nye mellomlag» får meir å seie i samfunnet.

Men dette endrar ikkje på dei grunnleggande klassetilhøva. Det store fleirtalet av samfunnsmedlemene vil framleis høyre til ein av desse tre klassane. Nye yrke og «nye mellomlag» vil for det meste høyre til småborgarskapet, proletariatet eller overgangen mellom dei.

Slik er klassetilhøva i store trekk. Men ein heilskapleg og detaljert marxistisk klasseanalyse av endringane i klassetilhøva slik dei er i ferd med å utvikla seg no, er enno ikkje gjort. Det er ei viktig oppgåve for AKP(m-l) å studere dette i åra som kjem.

Borgarskapet

Borgarskapet er den klassen som bygger på kapitalistisk utbytting av lønsarbeid. Borgarskapet eig og kontrollerer dei viktigaste produksjonsmidla. Herredømet over produksjonsmidla kan ta form av privat eigedom eller av at staten eig verksemder.

Til borgarskapet høyrer både små kapitalistar, leiarane av dei største imperialistiske monopola og leiarane i dei statskapitalistiske verksemdene. Det gjeld anten kapitaleigedomen tar form av industri, transport, stor kapitalistisk gardsdrift osb., eller eigedom til pengar som blir brukt til spekulasjon. Til borgarskapet høyrer òg dei øvre sjikta i leiinga av statsadministrasjonen og hæren, dei kapitalistiske verksemdene og dei store organisasjonane, og dei rike spissane blant dei intellektuelle.

Heile borgarskapet har felles interesse av å forsvare kapitalismen og er derfor fiendsleg til den sosialistiske revolusjonen.

Men innanfor borgarskapet er det monopolborgar-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

skapet som har makta. Borgarskapets diktatur i Noreg tar form av eit monopolkapitalistisk diktatur.

Monopolkapitalistane i Noreg er dei som herskar over dei største private monopola og toppane i statsbyråkratiet, i sær dei som styrer over den raskt veksande kapitalistiske eigedomen til den norske staten. Toppbyråkratane i DNA og LO og dei som forvaltar den byråkratkapitalistiske eigedomen til DNA og LO må òg reknast til monopolborgarskapet.

Borgarskapet er fullt av indre motseiingar. Det monopolistiske borgarskapet nyttar makta si til å hauste superprofittar, dei ikkje-monopolistiske kapitalistane blir ofte pressa og utkonkurrerte. Det finst motseiingar mellom ulike monopolgrupper, mellom privat og statleg kapital, mellom kapitalistar som står i kontakt med ulike utanlandske imperialistiske monopol, mellom ulike byråkratiske klikkar osb. Men som heilskap er desse motseiingane i regelen underordna motseiinga til proletariatet.

I borgarskapet vil det finnast einskilde progressive individ som vender ryggen til klasseinteressene sine og stør arbeidarklassen.

Proletariatet

Proletariatet, den moderne arbeidarklassen, er den klassen som får levebrødet sitt *berre* av å selje arbeidskrafta si. Proletariatet er eit produkt av storindustrien. Der er det blitt organisert, trena, herda og disiplinert. Proletariatet er den første klassen av arbeidarar i verdshistoria som er i stand til å ta makta sjølv etter å ha gjennomført ein revolusjon, og ikkje la makta gå over til nye utbyttarar. Berre proletariatet er ein heilt gjennom revolusjonær klasse i Noreg, for *berre* denne klassen har alt å vinne og ingenting å tape på å styrte kapitalismen.

Proletariatet er den største klassen i Noreg i dag, og omfattar fleirtalet av innbyggarane i landet.

Til proletariatet høyrer arbeidarane i industri, gru-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

ver, anlegg, transport, arbeidarar i jordbruk og fiske og dei lågaste delane av funksjonærar i kontor, handel, samferdsle og tenestenæringar. Innanfor proletariatet er det arbeidarane i storindustrien og dei største arbeidsplassane som høyrer til kjernen.

I Noreg i 1980 har proletariatet fleire forbruksvarer og kortare arbeidstid enn for til dømes femti år sidan, og det har rett til å organisere seg og ytre seg. Men dei grunnleggande klassetilhøva og makttilhøva dei lever under er ikkje endra.

Den historiske oppgåva til proletariatet i Noreg er å gjere sosialistisk revolusjon, opprette proletariatets diktatur og førebu utviklinga fram til kommunismen. Dette er ei sak for heile det arbeidande folket i Noreg, medrekna fleirtalet i jordbruk og fiske og blant dei intellektuelle. Men proletariatet må gå i leiinga og ta dei tyngste løfta i kampen for sosialismen.

Småborgarskapet

Småborgarskapet femnar både om grupper som eig produksjonsmiddel eller verksemder i jordbruk, varehandel, småindustri i liten målestokk osb., og intellektuelle og funksjonærar som har ei forholdsvis sjølvstendig stilling og særlege kvalifikasjonar, anten dei er fastlønte eller har sjølvstendig yrke.

Somme småborgarar har store voner og sjansar til å arbeide seg opp og bli velståande. Andre vert ruinerte i konkurransen. Svært mange av dei har ei stilling som er nær den proletariatet står i. Fordi småborgarskapet står i ei mellomstilling og er knytta til så ulike former for verksemd, er det lite einskapleg. Somme grupper vil stø proletariatet, andre stør borgarskapet, medan andre igjen vaklar hit og dit. Men storparten av småborgarskapet er menneske som lever av sitt eige arbeid og har objektive interesser av sosialistisk revolusjon i Noreg.

Frå synsstaden til proletariatet er det særleg to delar av småborgarskapet som det er viktig å vinne over.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Småbrukarane i jordbruket og fiskarane som står i same stilling som dei er proletariatet sine viktigaste allierte på landsbygda. Her må vi òg rekne med *halvproletariatet* på landsbygda. Dette er småprodusentar som lever delvis av lønsarbeid. Dei står med det eine beinet i proletariatet og er i ferd med å bli proletarar. I jordbruket er småbrukarane og halvproletarane til saman det store fleirtalet. Om proletariatet skal sigre, treng det ein klasseallianse med arbeidsfolket på landsbygda.

Dei breie laga av dei arbeidande intellektuelle lever eit liv som i materiell standard ikkje skil seg mykje frå livet til proletariatet. Dei er òg ein naudsynt alliert om proletariatet skal kunne sigre.

Blant dei mest privilegerte gruppene i småborgarskapet og i dei politisk mest tilbakeliggande delane vil den borgarlege reaksjonen finne reservar og faste allierte. Proletariatet må freiste å vinne så store delar av småborgarskapet som råd er over til seg, og i det minste freiste å nøytralisere dei som ikkje kan vinnast over, slik at det ikkje vert fast allierte med borgarskapet.

Arbeidararistokratiet

Så lenge det har vore kapitalisme, har det funnest små privilegerte borgarleggjorte mindretal i arbeidarklassen, særleg i dei rikaste og mest utvikla kapitalistiske statane. Dette *arbeidararistokratiet* som Marx og Engels kalte det, har alltid utgjort eit viktig grunnlag for borgarleg politikk i arbeidarrørsla. Imperialismen gjorde det mogleg for borgarskapet i alle imperialistiske land å kjøpe opp eit lag av arbeidarklassen ved hjelp av superprofitten.

I Noreg i dag kjem arbeidararistokratiet frå dei betrestilte, øvste laga i arbeidarklassen og ved at arbeidarar som vert tillitsmenn eller får politiske verv får særskilte privileg. Stillinga deira er prega av at nokre av dei har sjansar til å avansere ut or arbeidarklassen og bli småborgarar og borgarer. Nokre arbeidararistokra-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

tar vert rekrutterte til monopolborgarskapet. Dei går frå byråkratiet kring dei parlamentariske organa, i politiske parti og i fagrørsla til toppstillingar i DNA- og LO-apparatet, i statsbyråkratiet eller til stillingar i leiinga for statsverksemder og private verksemder.

Arbeidararistokratiet spelar ei viktig rolle for borgarskapet. Dei utgjer ein forholdsvis stor grobotn for borgarlege idear i arbeidarklassen, og er grunnlaget for ei stor gruppe borgarlege arbeidarleiarar som kjempar for å halde utbyttinga ved lag og borgarskapet ved makta.

Arbeidararistokratiet utgjer også eit utgangspunkt for at støtte til sjåvinisme og imperialisme kan spreie seg i delar av arbeidarklassen. Så lenge USA var i framgang, arbeidde toppsjiktet i arbeidararistokratiet i Noreg for å styrke USA-imperialismen sine posisjonar i Noreg. I dag er det ein veksande tendens til støtte for Sovjet-imperialismen i delar av dette sjiktet.

For arbeidarklassen er det viktig å slåst mot at arbeidarleiarar og tillitsmenn utviklar seg til byråkratar som skil seg frå arbeidarklassen. Det er viktig å utnytte dei motseiingane som finst mellom dei øvre og nedre sjikta i arbeidararistokratiet og mellom grupper som er knytta til ulike delar av borgarskapet, og skilje det store fleirtalet i heile laget frå borgarskapet i flest mogleg saker. Arbeidarklassen må lausrive seg frå innverknaden frå dei mest forherda representantane for kapitalistklassen i arbeidararistokratiet.

Filleproletariatet

Filleproletariatet er ingen klasse, men eit rotnande sjikt på botnen av samfunnet. Det er hardt undertrykt og lever i sosial naud som borgarskapet freistar å løyne. Det kjem frå fleire klassar. Det femnar mellom anna om yrkeskriminelle, prostituerte, alkoholikarar som ikkje lenger klarer å arbeide osb. Fleire faktorar gjer at filleproletariatet aukar, mellom anna det at mange arbeidarar blir kasta ut av produksjonen på grunn av

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

verdskrisa og den nye industrielle revolusjonen, mangelen på arbeidsplassar og skoletilbod til ungdomen, og spreiinga av narkotika til ungdomen. Filleproletariatet dannar grunnlag for brotsverk og kriminalitet som i stor grad rammar arbeidsfolk.

Filleproletariatet er offer for motseiingane under kapitalismen. Men fordi det er så demoralisert at det som oftast ikkje gjer motstand, kan det for det meste ikkje bli nokon alliert for arbeidarklassen. Unntaka er dei delane av filleproletariatet som ligg nærmast arbeidarklassen og har meir eller mindre faste jobbar. Filleproletariatet rekrutterer reiskapar for kapitalistiske storspekulantar i narkotikasal, prostitusjon og gangsterverksemd. I filleproletariatet finst det òg folk som kan nyttast av reaksjonen til åtak mot arbeidarklassen.

Proletariatet må freiste å gjere det mogleg for filleproletariatet å kome ut av stillinga si. Det må kjempe mot årsakene til at folk vert filleproletarar og mot kriminaliteten og narkomanien som spreier seg når filleproletariatet veks. Proletariatet må òg kjempe mot urettvis undertrykking av filleproletariatet, til dømes politivald. Den einaste varige løysinga på problema til filleproletariatet er å avskaffe dei kapitalistiske samfunnstilhøva, som vil øydelegge menneske og gjere dei til filleproletarar så lenge kapitalismen finst.

KAPITTEL 6
Kvinneundertrykkinga

I alle utbyttarsamfunn er kvinnene i dei undertrykte klassane dobbelt undertrykte, som klasse og som kjønn. Kvinnene vert i høg grad stengde ute frå den samfunnsmessige produksjonen, og er bundne til privat husarbeid og omsorg for familien.

I det kapitalistiske Noreg har kvinnene kjempa seg

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2013

fram til dei fleste formelle rettar som mennene har. Kvinnene deltar i den samfunnsmessige produksjonen i ei viss utstrekning. Kapitalismen har òg skapt dei tekniske *middel* som skal til for å frigjere kvinnene frå det private husarbeidet. Det finst eit høgt teknologisk nivå som kan nyttast for å rasjonalisere husarbeidet, og eit samfunnsmessig overskot som gjer det mogleg å opprette dagheimar og fritidsheimar for dei fleste born.

Likevel vert kvinnene i røynda behandla som annanrangs samfunnsmedlemer. Kvinnene deltar ikkje i samfunnsmessig produksjon i same grad som menn. Dei kvinnene som arbeider, har stort sett dårlegare arbeidsvilkår og vert hardare utbytta enn menn. Framleis vert mange kvinner bundne til heimen fordi det er skort på arbeidsplassar og dagheimar. Færre kvinner enn menn er med i politikken og kulturlivet, og få kvinner får leiande stillingar. Kvinnekroppen vert seld som vare i prostitusjon, pornografi og reklame. Vald mot kvinner er utbreidd, men blir likevel ikkje sett på som noko alvorleg samfunnsproblem. Reaksjonær ideologi som forsvarer undertrykkinga av kvinna som kjønn står sterkt i skolen og i borgarleg propaganda, og finst i stor grad jamvel i dei arbeidande klassane.

Kapitalistane profiterer på kvinneundertrykkinga. Dei utnyttar den særstillinga kvinnene har i samfunnet til å gjere dei til billeg reservearbeidskraft som kan bli sparka attende til heimen etter behov. Dette er naudsynt for det kapitalistiske systemet. Kvinnene får mange av dei tyngste, mest rutineprega og dårlegast betalte jobbane, og dei blir haldne fast i særskilte kvinneyrke. I heimen arbeider kvinnene gratis med born, dvs. med reproduksjon av arbeidskraft — og gjer også anna gratis omsorgsarbeid for sjuke og gamle. Dette sparer staten og kapitalistane for veldige beløp. Behovet for størst mogleg profitt hindrar at middel som er naudsynte for kvinnefrigjering blir tilgjengelege for alle. Kapitalismen og privateigedomen fører til at kvinna er

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

avhengig av mannen. Kvinneundertrykkinga vil vare ved så lenge det er kapitalisme.

Kvinneundertrykkinga er politisk nyttig for borgarskapet. Borgarskapet freistar å bruke undertrykkinga av kvinner til å sette menn opp mot kvinner i arbeidarklassen, og halde det store fleirtalet av kvinner nede i politisk passivitet.

Det borgarlege samfunnet er gjennomsyra av ein ideologi som fostrar folk i kvinneforakt. Denne ideologien er eit produkt av den undertrykte rolla kvinnene spelar i samfunnet og gjer sitt til å rettferdiggjere denne undertrykkinga.

Kvinner vert undertrykt av menn i familien. Grunnlaget for dette er at kvinnene i familien er økonomisk avhengige av mannen, at arbeidsdelinga tradisjonelt er slik at kvinnene får eineansvaret for husarbeid og born, og at desse materielle forholda gir opphav til eit syn på kvinnene som mannen sin eigedom. Dette gjer det naudsynt å kjempe mot kvinneundertrykkinga frå menn også i dei arbeidande klassane. Samstundes er det viktig å syne at kvinner og menn i arbeidarklassen har felles interesser av kvinnefrigjering.

Proletariatet må kjempe for at kvinnene tar del i samfunnsmessig produksjon under kapitalismen og for at dei skal bli reelt og ikkje berre formelt likestilte med menn.

AKP(m-l) stør og tar del i kampen kvinnene fører mot all kvinneundertrykking, for fulle demokratiske rettar, for likestilling og likeverd og for frigjering. Kampen må bygge på solidaritet med frigjeringsrørsler, kvinner i andre land og andre som slåst mot imperialisme og undertrykking, og på solidaritet mellom undertrykte kvinner og menn. Kvinnekampen må òg vere ein del av einskapsfronten mot imperialisme og sosialimperialisme, mot klasseundertrykking og all anna undertrykking. Samstundes må dei som kjempar for kvinnefrigjering rette skarp kritikk mot all kvinneforakt og mot at menn krev forrettar og undertrykker

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2019

kvinna i familien og i samfunnet. Kampen må òg førast mot den tradisjonelle kvinnerolla og mot alle freistnader på å glorifisere husslaveri, tvungen privat omsorg og økonomisk og sosialt usjølvstende.

Sosialismen vil legge grunnlaget for verkeleg kvinnefrigjering, fordi han frigjer produksjonsmidla frå det kapitalistiske anarkiet og innfører ei samfunnsordning som tar sikte på å tilfredsstille dei grunnleggande behova til det arbeidande folket. Sosialismen gir grunnlag for at ansvaret for borna og anna omsorgsarbeid blir samfunnsmessig, og for at kvinner skal få ein likeverdig plass i samfunnsmessig produksjon og organisasjon. Sosialismen har ikkje behov for å bruke kvinna som reservearbeidskraft og husslave i heimen, og kan oppheve familien som økonomisk einskap. For utviklinga av sosialismen er det viktig at kvinna tar del i arbeidet og statsstyringa utanfor heimen fullt ut på lik linje med mannen. Men kampen for full likestilling må halde fram også under sosialismen. Han må bli retta inn mot privileg, borgarlege familie- og kjønnsroller og påverknad frå det rotne kvinnesynet til det gamle klassesamfunnet.

Når kvinnene vaknar til motstand mot undertrykkinga, kan dei verte ei ekstra sterk kraft i kampen mot borgarskapet og for den sosialistiske revolusjonen. Kampen mot kvinneundertrykkinga får fleire arbeidande kvinner til å ta del i og spele ei leiande rolle i klassekampen. Undertrykkinga av kvinna som kjønn set òg mange kvinner frå dei velståande delane av småborgarskapet og jamvel borgarskapet i rørsle, og gjer det mogleg å skape alliansar med dei.

Kvinnene utgjer helfta av folket. Utan mobilisering av store kvinnemassar kan den sosialistiske revolusjonen i Noreg ikkje sigre.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 7

Den nasjonale underkuinga i Noreg

Under kapitalismen er nordmennene herskarnasjonen i Noreg. Den samiske nasjonen og nasjonale minoritetar vert utsette for nasjonal underkuing, og menneske som høyrer til andre nasjonar, særleg frå undertrykte og fattige land, vert diskriminerte til føremon for nordmenn.

Samane er eit urfolk i Noreg. Det samiske folket er ein nasjon som i dag er splitta opp av fire statar. Ranet av landområda til samane har gitt norske kapitalistar og den norske staten svære profittar. Den samiske nasjonen i Noreg vert undertrykt økonomisk, politisk, språkleg og kulturelt. Det samiske folket har som urfolk retten til land og vatn i Sameland. Det samiske folket har som nasjon krav på nasjonal sjølvråderett, dvs. retten til å avgjere si eiga framtid. Det er ei sams oppgåve for proletariatet og arbeidsfolk av både norsk og samisk nasjonalitet å kjempe mot norsk nasjonal underkuing av samane. Det samiske og det norske folket har felles interesser av ein sosialistisk revolusjon. Berre ein sosialistisk revolusjon kan føre til nasjonal og sosial frigjering for samane. Fordi det samiske spørsmålet er så viktig, har AKP(m-l) vedtatt eit eige samepolitisk program,* der det prinsipielle synet partiet har i desse spørsmåla er fastlagt.

For å skaffe seg arbeidskraft har dei norske monopola importert framandarbeidarar frå Sør-Europa og den tredje verda. Ved å gi dei dårleg løn og sleppe å betale for utdanning og andre sosiale utgifter, kan den norske kapitalistklassen håve inn ekstraprofittar på framandarbeidarane. Samla sett er dei den mest un-

* Samepolitisk program for AKP(m-l), vedtatt på 3. landsmøte, desember 1980, prenta i denne boka.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

dertrykte delen av proletariatet i Noreg. Framandarbeidarane vert undertrykte språkleg og kulturelt. Staten har vedtatt særlover som diskriminerer arbeidarar frå den tredje verda, og praktiserer lovverket på ein diskriminerande måte. Framandarbeidarane vert utsette for rasisme og framandhat. Hetsen mot framandarbeidarane er eit våpen borgarskapet bruker for å kløyve arbeidarklassen og skjerpe klasseundertrykkinga av alle arbeidarar.

Framandarbeidarane er ein viktig del av arbeidarklassen i Noreg. Den norske arbeidarklassen må kjempe mot undertrykkinga og rasismen framandarbeidarane vert utsette for, og stri for å sameine alle arbeidarar i Noreg same kva nasjon dei høyrer til.

KAPITTEL 8
Motseiinga mellom by og land

Det er typisk for kapitalismen at landbruket vert liggande etter for industrien og at motseiinga mellom by og land heile tida vert djupare. Grunnlaget for denne motseiinga er det kapitalistiske systemet sjølv. Dette gjeld òg for Noreg. Kapitalistiske investeringar innanfor industri vil i det store og heile gi meir profitt enn innanfor jordbruk. Dei økonomiske lovene som gjeld under kapitalismen fører til at landsbygda vert liggande til atters for byane.

Samstundes verkar desse lovene på landsbygda til å tvinge vekk småbønder og fremje stordrift. Maskinar og tekniske nyvinningar kan først bli tatt i bruk av storbøndene, mens småbøndene ikkje i same grad får nytte dei. Følgja er at småbøndene kjem stadig dårlegare ut i tevlinga med dei store. For å investere må dei ta opp lån og sette seg i stadig større gjeld til bankane. Dei rike kapitalistiske bøndene kan slå til seg jorda til mange av bøndene som driv småbruk.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Typisk for landsbygda i Noreg er at fiske spelar ei stor rolle i mange av kystdistrikta. Mykje av fisket har vore drive av fiskarbønder og fiskarar med eigen båt. Innanfor fiskerinæringa verkar dei same lovene slik at små fiskarar vert trengde vekk, mens kapitalistiske fiskarbåtreiarlag tar over meir og meir.

Utviklinga av kapitalismen i Noreg har ført til at kapital og arbeidskraft er blitt dirigert bort frå jordbruk og fiske, som er prega av småproduksjon, og over i meir profitable sektorar.

Ved at arbeidskrafta er blitt dregen ut av primærnæringane oppstår pendling og avfolking av landsbygda. I åra etter krigen er over 100 000 mindre bruk blitt nedlagde, titusentals av land- og skogsarbeidarar er blitt rasjonaliserte vekk, og tusentals fiskarar er blitt tvinga til å forlate båtane sine. Med avfolkinga følgjer at utdanningstilbod, helsetilbod og kulturtilbod vert dårlegare.

Det er staten som på mange vis har gått i brodden for denne omfattande strukturrasjonaliseringa. Den klassiske prissaksa — med stadig stigande prisar på industriproduserte varer samanlikna med jordbruksprodukt og fisk — har òg vore tyngande for dei to næringane. Innanfor landbruket har òg landbruksmonopolet vore ei kraft i raseringspolitikken med sin dominerande innverknad på marknaden. Den økonomiske stagnasjonen på landsbygda i høve til byane er òg knytta til at borgarskapet har sikra seg rettar som gir grunnrenteinntekt, t.d. gruver og vasskraft. Vidare til at bankane gjennom sin økonomiske kontroll av småindustri på landsbygda overfører kapital til byane.

Det arbeidande folket på landsbygda høyrer til fleire klassar. Til proletariatet høyrer mellom andre skog- og landarbeidarar, trålergastar, arbeidarar i fiskemottak, veg- og transportarbeidarar, arbeidarar i lokal industri, arbeidarar i kommunale tenester, pendlarar med arbeid i byane. Det finst eit halvproletariat i jordbruk og fiske som lever dels av lønsarbeid, dels av inntekter

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

frå jord o.l. Til småborgarskapet høyrer utanom småbønder og fiskarar og små verkstad- og butikkeigarar òg mange intellektuelle i ulike kommunale og statlege tenester.

Alle desse vert ramma av avfolkinga. Derfor har det vakse fram ein omfattande motstand mot utviklinga frå mange grupper og organisasjonar. Det vert til dømes ført viktige kampar for å halde sysselsettinga oppe i jordbruk og fiske, for å halde på arbeidsplassane for skog- og landarbeidarar, for å forsvare småindustri og tenester på landsbygda. Denne kampen er rettvis og progressiv.

Dette er ein kamp som har mykje å seie for utviklinga av økonomien i heile landet, velferda til arbeidsfolk på landsbygda og i byane og forsvarsevna til landet vårt.

Den andre sida av avfolkinga av landsbygda er pressproblem og sosiale vanskar i storbyane. Ei harmonisk utvikling av produksjonen i heile landet krev at det finst menneske i levedyktige lokalsamfunn overalt i landet.

Den relative tilbakegangen i matvareproduksjonen gjer Noreg avhengig av import og gjer landet meir sårbart for press frå store imperialist-stater. Samstundes er det naudsynt ut frå forsvarsinteresser å halde matvareproduksjonen på eit høgt nivå og trygge busettinga på landsbygda.

Trass i desse behova vert jordbruk og fiske utsett for nye trugsmål om auka avfolking. Staten og finanskapitalen har gjennom satsinga på oljeverksemda skapt ein kapitalmangel i landbruket som vil drive nye tusentals småbønder vekk frå gardane sine.

Rovfisket frå trålar-reiarane og frå framande nasjonar, særskilt Sovjet, har rive ressursgrunnlaget vekk frå kystfiskarane. Den knappe råstofftilgangen trugar både det økonomiske grunnlaget til fiskarane og fiskeindustrien. Som følgje av svikten i fisket og satsing på oljeindustrien, vert òg fiskeria hardt råka av kapital-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

mangel. Dessutan har oljemonopola gjennom oljeverksemda på fiskebankane ytterlegare rive vekk delar av næringsgrunnlaget.

Arbeidarklassen må kjempe mot avfolkinga av landsbygda, og for betring av levekåra for folket her. For å utvikle klassealliansen med det store fleirtalet av bønder og fiskarar, må arbeidarklassen stø kampen dei fører, m.a. gjennom sine faglege organisasjonar, mot rike kapitalistiske jordeigarar, byborgarskapet og statens raseringspolitikk.

Samstundes som folket på landsbygda må føre kampen for sine rettvise krav i dag, er det klart at berre sosialismen kan legge grunnlaget for ei verkeleg betring av levevilkåra for folket her. Derfor har dei arbeidande massane på landsbygda objektive interesser av å støtte arbeidarklassen i den sosialistiske revolusjonen. I staden for at landsbygda skal skilje seg stadig meir frå byane, kan sosialismen på planmessig vis overføre midlar til landsbygda og på det viset igjen skape eit sterkt sjølvstendig norsk landbruk og fiske.

KAPITTEL 9
Øydeleggingа av natur og menneskeleg miljø

Under kapitalismen fører utviklinga av produktivkreftene til auka fare for øydelegging av natur og menneskeleg miljø. Det kjem av at monopola nyttar dei enormt kraftige produktivkreftene berre til å få så høg profitt som mogleg.

Sløysing med naturressursar og forsøpling som den einskilde kapitalisten ikkje treng betale for, kan gi høg profitt til den einskilde kapitalistiske bedriften. Det gir maksimal profitt å utnytte ei råvare så snøgt som mogleg for så å flytte kapitalen til anna produksjon, sjølv

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

om resultatet vert at forureiningar blir spreidde i luft og vatn over heile verda, dyre- og planteartar vert utrydda eller landområde vert øydelagde for hundretals år. Risiko til dømes ved atomkraftverk tel mindre for kapitalistane enn sjansen til høg profitt for investert kapital.

Dei veksande natur- og miljøproblema er eit uttrykk for skjerpinga av motseiinga mellom samfunnsmessige produktivkrefter og kapitalistiske eigedoms- og tileigningstilhøve. Dei einskilde kapitalistane slepp å betale samfunnsmessige kostnader ved produksjonen, og treng ikkje ta omsyn til skadeverknader som ikkje kan målast i pengar, som til dømes om menneska har høve til å leve eit menneskeverdig liv.

Det farlegaste trugsmålet mot natur og menneskeleg miljø kjem frå dei største monopola og dei imperialistiske supermaktene, fordi dei har dei største og kraftigaste produksjonsmidla. Den sovjetiske supermakta har det største og farlegaste programmet for utbygging av kjernekraft i verda. Det aller farlegaste trugsmålet er ABC-våpna som supermaktene har produsert, og som no særleg Sovjet trugar med å bruke med katastrofale følgjer for livet på jorda.

Øydeleggingane av natur og miljø fører til ei protestrørsle som i første omgang vil hindre dei verste skadeverknadene. Dette er ei form for klassekamp som proletariatet må delta i fullt ut og gå i brodden for. Når borgarlege personar og grupper tar del i denne rørsla, er det til føremon for proletariatet.

Kampane mot øydelegging av natur og miljø tener ei historisk rett utvikling av produksjonen. Det er i samsvar med rett utvikling av produksjonen til dømes når AKP(m-l) går imot alle freistnader på å førebu eller bygge atomkraftverk i Noreg. Slike kamper gir utbytte for menneskesamfunnet i generasjonar framover, og hindrar kapitalistklassen frå å øydelegge grunnlaget for produksjonen og menneska sjølve for å vinne kortsiktige superprofittar.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

På lang sikt er det naudsynt å løyse desse problema ved at produktivkreftene vert samfunnseige. I første omgang vil det seie sosialisme, i neste omgang avskaffing av all vareproduksjon, kommunisme.

KAPITTEL 10
Den norske staten

a) Statsapparatet i Noreg

Under imperialismen er det typisk at det borgarlege statsapparatet veks enormt. Dette gjeld fullt ut for Noreg.

Valdsmakta til den norske staten er større og betre utbygd enn nokon gong tidlegare i historia. Det vert drive øvingar og lagt planar for å slå ned arbeidaroppror. Det er utvikla eit nært samband mellom den militære og den sivile delen av statsapparatet og den statlege og private industrien. Det finst unntakslover som kan sette dei borgarlege demokratiske fridomane og rettane ut av kraft om revolusjon trugar. I samband med den militære underordninga under USA i NATO har USA-imperialismen også skaffa seg innverknad i det norske statsapparatet.

Staten har òg fått ei stadig større rolle som felleskapitalist. Han utgjer ein aukande marknad for privat kapital og tar over verksemder og jamvel heile sektorar som ikkje gir private kapitalistar nok profitt. Staten går meir og meir aktivt inn i kapitalkrevjande prosjekt, som til dømes oljeverksemd, tvingar dei største private monopola til å slutte seg saman og skipar sjølv store kapitalistiske selskap. Staten vert utan samanlikning den største monopolkapitalisten.

Staten samlar òg stadig større fond for å finansiere samfunnsoppgåver som helse- og sosialvesenet og anna

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

ikkje-forretningsmessig statleg verksemd. Dei samla statsutgiftene blir større heile tida. Skattane på arbeidsfolk i Noreg er blitt mellom dei aller høgst ei verda.

Byråkratkapitalistar i staten — både i dei statlege monopolselskapa og i toppen av statsadministrasjonen elles — vert ein stadig større og mektigare del av borgarskapet.

Staten kontrollerer utdanningsstellet, styrer over kringkastinga, subsidierer og er den viktigaste kjøparen av store delar av norsk litteratur. Staten finansierer verksemda til dei politiske partia og mange andre organisasjonar.

Den veksande makta staten har fått i norsk økonomi, fører også til at staten spelar ei stadig større sjølvstendig rolle politisk i høve til private grupper og organisasjonar. Det skjer ei *korporativisering* av det norske samfunnet.

Dette legg grunnlaget for at staten vert framstilt som ei sjølvstendig kraft «utanfor klassekampen» og ein «nøytral» domar som representerer «samfunnet» sine interesser. I røynda har ikkje statens klassekarakter endra seg noko. Det som skjer er anten at han står for interessene til nokre monopolgrupper mot andre, eller at han står fram som ein representant for fellesinteressene til kapitalistklassen mot særinteressene til einskilde kapitalister.

b) Parlamentarismen og det borgarlege demokratiet

Det borgarleg-demokratiske systemet i Noreg fungerer som ein kamuflasje for monopolkapitalens politiske diktatur. Storparten av arbeidarklassen og arbeidsfolk elles trur det er mogleg for folket å avgjere politikken gjennom vala.

I *forma* er det politiske systemet i Noreg eit parlamentarisk demokrati. Lovverket er slik at det vernar

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

om eigedomsretten til kapitalistane og forsvarer den kapitalistiske utbyttinga. Samstundes inneheld det mange demokratiske rettar som folket har kjempa seg til.

Dette er eit bra system for borgarskapet fordi det fangar opp og tilsynelatande løyser mange av klassemotseiingane og dei andre motseiingane i form av politiske motseiingar ved val og i parlamentariske organ. Når desse organa så gjer vedtak om t.d. å sette lønene ned, eller selje dei nasjonale interessene, blir denne politikken utlagt og forsvart som «folkeviljen».

Men dette krev at borgarskapet må la desse organa ha ein viss grad av verkeleg, sjølvstendig makt. Visse spørsmål, som til dømes skattespørsmål, forsvarsløyvingar, lokalisering av ein del industri, retten til abort osb., kan avgjerast her. Men inga avgjerd som verkeleg trugar kapitalismen kan bli tatt i dei parlamentariske organa.

Dette er med på å gi den kapitalistiske samfunnsordninga og det borgarlege diktaturet i Noreg stor stabilitet. Det er skapt eit rotfesta inntrykk av at den politiske makta ligg hos folket eller i det minste er fordelt mellom klassane.

Proletariatet må fri seg frå illusjonane om den borgarlege parlamentarismen. Det må utvikle forståinga for at inga avgjerd i det borgarlege parlamentet kan rokke det kapitalistiske systemet. Berre gjennom ei revolusjonær omvelting som styrtar borgarskapet, kan arbeidsfolk få makt til å avgjere politikken.

Samstundes har proletariatet interesse av å forsvare den borgarlege parlamentarismen mot freistnader på å byte han ut med fascisme, slik som i Hitler-Tyskland eller i det kapitalistiske Sovjet no. Det er til føremon for arbeidarklassen at borgarskapet sitt diktatur ikkje tar form av eit ope, fascistisk terrorstyre. Det gjer det lettare for arbeidarklassen å forsvare kåra sine under kapitalismen og organisere seg for å kjempe for sosialismen.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 11

Klasseanalyse, strategi og taktikk

Klasseanalysen syner kva for klassar som objektivt finst og kva interesser dei objektivt har. Han syner også korleis klassemotsetnadene verkar inn på andre motsetnader i samfunnet, til dømes korleis motseiingane mellom borgarskap og proletariat verkar på motseiinga mellom kjønna.

Men analysen av objektive klassemotsetnader kan ikkje forklare korleis alle klassar, grupper og einskildpersonar handlar i ein gitt situasjon eller periode.

Proletariatet og store delar av småborgarskapet har til dømes objektivt interesse av sosialismen. Likevel har borgarskapet greidd å få fleirtalet i desse klassane til å stø borgarlege politikarar.

At arbeidsfolk objektivt har interesse av einskap, vil ikkje seie at dei *automatisk* sluttar seg saman. Det er avhengig av ein *medviten* innsats frå store delar av arbeidsfolk og særleg av proletariatet for å overvinne motsetnadene som finst, til dømes mellom bonde og arbeidar, kvinne og mann, norsk arbeidar—framandarbeidar.

På grunnlag av kunnskap om dei motseiingane som objektivt finst, er det råd å slå fast kva krefter som *strategisk* kan slutte seg saman for å styrte kapitalismen, og kva klasse som må ha leiinga.

Men å skape denne alliansen krev ein langvarig politisk kamp. Den politisk mest medvitne delen av arbeidarklassen må få heile klassen til å forstå si historiske oppgåve.

Taktikken skal klargjere korleis alle motseiingar i det norske samfunnet, frå dei mest grunnleggande og langvarige til alle slags kortsiktige politiske motseiingar, kan nyttast for å tene arbeidarklassen på lang sikt. I slike spørsmål er det mogleg med mange allian-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

sar som går på tvers av dei strategiske interessene til partane.

Ulike klassar og grupper vil til dømes reagere på eit vis om dei står overfor ei svær indre krise i kapitalismen i Noreg, og på eit heilt anna vis om dei står overfor ein sosialimperialistisk invasjon i Noreg. Dette må taktikken ta nøye omsyn til.

Politikken mot ulike imperialistiske makter må òg ta taktiske omsyn. Vi ønskjer å bli kvitt all imperialisme. Men imperialistmaktene er ikkje ein einskapleg verdsreaksjon. Nokre er svært farlege, andre slåst mot dei og kan tilmed vere taktisk allierte.

I klassekampen i Noreg vert det òg mogleg med alliansar på tvers av hovudmotseiinga. Det er mogleg for proletariatet å slåst saman med folk som står langt frå det arbeidande folket i spørsmål som gjeld kvinnefrigjering, miljøvern, distriktspolitikk osb. På grunnlag av den nasjonale undertrykkinga er det mogleg å skape ein allianse mellom proletariatet og den samiske nasjonen mot monopolborgarskapet i Noreg.

Det er oppgåva til AKP(m-l) å analysere slike motseiingar for å utvikle ein taktikk som tener dei langsiktige interessene til heile proletariatet. Tilmed motseiingar i borgarskapet og mellom dei norske monopola må nyttast dersom det kan tene saka til arbeidarklassen.

Den allmenne rettesnora for den kommunistiske politikken er å stri for at arbeidarklassen skal sameine så mange allierte frå ulike klassar som råd er i kampen for saka si, utan at proletariatet mistar leiinga over kampen.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL III
Revisjonismen og opportunismen

KAPITTEL 12
Kva er opportunisme og revisjonisme?

a) Dei viktigaste formene for opportunisme

Opportunisme er ei felles nemning for borgarleg politikk som søker å framstille seg som arbeidarpolitikk. Opportunismen er det viktigaste midlet borgarskapet har til å hindre arbeidarklassen i å slutte seg saman på grunnlag av ein revolusjonær sosialistisk politikk. Derfor er siger i revolusjonen umogleg utan at store delar av arbeidarklassen avviser opportunismen.

Opportunismen er splitta i eit utal ulike politiske retningar prega av ulike borgarlege interesser, ulikt massegrunnlag og ulik historie.

Reformismen seier at arbeidarklassen skal nøye seg med å kjempe for reformer som gjer kapitalismen betre. Dei sosialdemokratiske partia i Vest-Europa er reformistar. Nokre reformistar går inn for «den fredelege parlamentariske vegen til sosialismen», det vil seie at reformistane skal få fleirtal i parlamentet ved val, og gå inn for at den borgarlege staten tar over privat kapital.

Revisjonisme er opportunisme som i ord kallar seg «marxisme», men i røynda kjempar mot verkeleg marxisme. Han fjernar alt i marxismen som er revolusjonært og farleg for borgarskapet.

Dogmatisme er revisjonisme som handsamar mar-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

xismen som eit sett dogme der ingenting kan endrast, og avviser å undersøke røyndomen og analysere nye ting. Dermed avviser han det materialistiske grunnlaget for marxismen.

Moderne revisjonisme er revisjonisme som kallar seg «marxist-leninistisk» og «kommunistisk». Det finst mange ulike retningar. Men den sterkaste forma for moderne revisjonisme i verda i dag er den som har makta i Sovjetunionen og tener sosialimperialismen. Det finst òg moderne revisjonistiske parti med motsetnader til sosialimperialismen. Det gjeld regjeringspartia i nokre byråkratkapitalistiske land. Det gjeld òg nokre vestlege parti som er nært knytta til borgarskapet i sine eigne land og har ein politikk som liknar mykje på vestleg sosialdemokrati. Nokre mindre moderne-revisjonistiske retningar står nær sovjetrevisjonismen i teorien, til dømes mange trotskistgrupper og somme grupper som har splitta ut or den marxist-leninistiske rørsla.

Terrorismen i Vest-Europa finst både i rein fascistisk frakk og kledd i raud frakk. Dei siste utgjer ein del av den moderne revisjonismen. Mange terroristgrupper kallar seg «revolusjonære», men driv i praksis massane vekk frå den revolusjonære rørsla. Somme av desse gruppene har nære band til KGB.

Pasifismen tar avstand frå all krig. Han går imot ikkje berre imperialistisk røvarkrig, men òg rettvise forsvarskrigar, nasjonale frigjeringskrigar og revolusjonære opprør. Pasifismen kan ikkje sameinast med interessene til arbeidarklassen og folket. I dag freistar sosialimperialismen å nytte naturleg frykt for krig til å spreie pasifisme for å svekke motstanden mot sosialimperialistiske åtak.

Opportunismen kan ha både høgre- og «venstre»-karakter. *Høgre-opportunisme* er nemninga på opportunistiske retningar som nektar å gå fram når stillinga i klassekampen og den revolusjonære kampen gjer det mogleg, kjempar mot at arbeidarklassen skal utvikle

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

seg til ei sjølvstendig kraft og lar borgarskapet få makt i arbeidarrørsla. «*Venstre*»-*opportunisme* er opportunistiske retningar som seier dei er for revolusjon, men i praksis går mot taktikk og alliansar som er naudsynte for at arbeidarklassen skal kunne sigre i revolusjonen. Både høgre- og «venstre»-opportunisme oppstår heile tida i dei revolusjonære, marxistiske partia. Slike linjer kan kjempast ned gjennom ideologisk debatt og studieverksemd, undersøking av røyndomen og nær kontakt med massane av arbeidsfolk. Revisjonistiske linjer i dei kommunistiske partia vert frå tid til anna utgangspunkt for grupperingar som kjempar mot marxisme og revolusjon.

b) Klassekarakter og massegrunnlag

Opportunismen er like gamal som kapitalismen og arbeidarrørsla. Marxismen har heile tida utvikla seg i kamp mot ulike former for opportunisme. Marx og Engels kjempa mellom anna mot utopisk sosialisme og anarkisme. Lenin kjempa mot reformistisk sosialdemokrati. Stalin kjempa mot bukharinisme, trotskisme og moderne revisjonisme. Mao Zedong leidde kampen mot den sovjetiske moderne revisjonismen. Kampen mot revisjonismen og opportunismen held fram i dag.

Når arbeidarrørsla vert sterk, vil borgarlege politikarar freiste å selje politikken sin under «sosialistiske» merkelappar, både for å kjempe mot den revolusjonære arbeidarrørsla og mot kvarandre.

Hos arbeidsfolk står borgarleg tenking sterkt under kapitalismen og lenge under sosialismen. Mange frå andre klassar vert proletarar eller kjem med i arbeidarpartia etter kvart som produksjonen og klassekampen utviklar seg. Dette er ein viktig grunn til at opportunismen finn grobotn blant arbeidsfolk.

I arbeidararistokratiet finst særleg god grobotn for opportunisme. Mange funksjonærar og levebrødspoli-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

tikarar og mange intellektuelle i arbeidarrørsla vil vere redde for kamp mot borgarskapet. Det kan truge deira relativt trygge og privilegerte stilling. Særleg gjeld dette i periodar da kapitalismen er stabil og det spreier seg illusjonar om at han kan fungere bra på lang sikt.

Alt dette gjer at opportunistisk arbeidarpolitikk kan få masseoppslutning. Derfor er det alltid stor fare for at revolusjonære arbeidarparti skal bli borgarlege parti.

Imperialismen skapte sterke sjåvinistiske og opportunistiske straumdrag i arbeidarklassen i dei imperialistiske landa. Samstundes skjerpa motseiingane i kapitalismen seg. Opportunistiske «arbeidarparti» vart den viktigaste politiske støtta for borgarskapet i dei fleste imperialistiske landa. Dei borgarlege arbeidarpartia tener interessene til borgarskapet. No er eit borgarleg arbeidarparti «uunngåeleg og typisk i alle imperialistiske land» (Lenin).*

I dei siste 50 åra har verda sett mange store revolusjonar og stadig fleire ønskjer sosialisme. Derfor må den sterkaste imperialistmakta i dag, Sovjet, kalle seg «marxist-leninistisk» og «kommunistisk». Falsk «kommunisme» er blitt *den viktigaste forma* for imperialisme og fascisme, ikkje berre ei *støtte* til reaksjonen.

I framtida vil skjerpa krise for kapitalismen også føre til at stadig meir borgarleg politikk vil ta form av falsk kommunisme. Kampen mot revisjonismen i arbeidarklassen vil få meir og meir å seie.

c) Mot galen bruk av «opportunist» og «revisjonist»

I kommunistpartiet og den revolusjonære rørsla vil det aldri vere full semje om alle spørsmål. Slik usemje er

---

* Lenin: «Imperialismen og kløyvinga i sosialismen» (1916), Oktober 1977, s. 14.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

nokre gonger uttrykk for opportunistiske åtak på revolusjonær politikk. Men det kan òg vere at revolusjonære står på ulike syn i einskildsaker. Lettvint og ugrunna bruk av omgrepa opportunist og revisjonist kan skade den naudsynte debatten blant dei revolusjonære.

Det er òg naudsynt å skilje mellom dei interessene ei politisk retning objektivt tener, og dei subjektive ønskja og meiningane til den einskilde tilhengaren. Dei fleste tilhengarane til opportunistpartia er arbeidarar og intellektuelle som ikkje har objektive interesser av kapitalismen. Svært mange av dei trur verkeleg at partia deira kjempar for sosialismen. Om partia er opportunistiske, vil ikkje det seie at kvar einskild medlem er opportunist eller stør borgarskapet.

KAPITTEL 13
Sovjetrevisjonismen er den farlegaste forma for opportunisme

Sovjetrevisjonismen er den farlegaste forma for opportunisme i verdsmålestokk. Han skil seg frå tidlegare former for revisjonisme ved at han har *statsmakta* i ei imperialistisk supermakt.

Sovjetrevisjonistane har i tillegg eit stort internasjonalt politisk maktapparat. Dei fleste tidlegare kommunistpartia i verda er blitt reiskapar for sosialimperialismen. Dei har kontaktar i mange frigjeringsrørsler og statar i den tredje verda. I Vest-Europa har dei politiske støtter langt utanfor dei Moskva-trugne revisjonstpartia. Sovjetrevisjonistane nyttar prestisjen til det sosialistiske Sovjet og kampen mot dei vestlige imperialistmaktene til å framstille seg sjølve som «den naturlege vennen til frigjeringsrørslene» og staten dei herskar over som ein «arbeidarstat».

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Denne militære, økonomiske og politiske makta nyttar sovjetrevisjonistane til å lette frammarsjen for sosialimperialismen. Sovjetrevisjonismen er ei retning som forsvarer fascisme og kupp, stør aggresjon og førebur vegen til ein ny verdskrig.

KAPITTEL 14
Det norske Arbeiderparti

Det norske Arbeiderparti (DNA) er det største og viktigaste borgarlege partiet i Noreg. Det har støtte frå eit fleirtal av arbeidarklassen og pregar det politiske livet i heile landet.

Den sterke stillinga til DNA er eit resultat av historia til den norske arbeidarrørsla. DNA var opphaveleg eit parti som førte klassekamp, og erklærte seg i ein periode jamvel som tilhengar av den sosialistiske revolusjonen og proletariatets diktatur. I 20-åra fekk ei borgarleg fløy overtaket i partiet, og leidde det heilt vekk frå den revolusjonære marxismen.

Utviklinga i det norske samfunnet opna samstundes vegen for at DNA vart *den politiske hovudstøtta for borgarskapets diktatur i Noreg.* Dette skjedde i 30-åra, og er grunnlaget for at DNA har hatt regjeringsmakta mesteparten av tida sidan da. Borgarskapet kan ikkje unnvere DNA, fordi ikkje noko anna borgarleg parti kan vinne oppslutning frå mesteparten av arbeidarklassen i dag.

DNA-leiinga bygger stillinga si i arbeidarklassen på kontrollen over LO. Kontrollen over LO gjer at DNA kan hindre klassekampar og sikre arbeidsfred og høge profittar for monopola. Samstundes har DNA gjennomført reformer som folketrygd, folkepensjon, arbeidsmiljølov osb. Desse reformene er dels svar på krav frå arbeidarklassen. Dels tener dei til å stabilisere

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

kapitalismen ved å løyse somme viktige sosiale problem. Systemet med klassesamarbeid mellom fagrørsle og andre masserørsler og staten og kapitalistane, saman med reformer ovanfrå vert brukt til å spreie myten om at Noreg er ein «velferdsstat» der «klassekampen er slutt».

Systemet med klassesamarbeid har lagt grunnlaget for at leiinga i DNA sjølv har vekse inn i monopolborgarskapet i Noreg, både gjennom DNA og LOs eigne monopolverksemder, leiinga i statsverksemder og toppstillingar i statsbyråkratiet.

DNA-leiinga nytta si sterke støtte i arbeidarklassen til å drive gjennom allianse med USA i NATO etter andre verdskrigen. Sidan da er det ei sterk fløy i partileiinga med sterk tilknytning til USA-imperialismen. Men med endringa av styrketilhøva i verda har det òg vekse fram ein tendens som er meir forsonleg overfor sosialimperialismen.

DNA sin politikk har verka til å dempe *klassekampen* i Noreg, men samstundes veks *klassemotseiingane.* Monopola styrka seg og gjorde profittar som aldri før. Utanlandske monopol fekk utnytte norske råvarer, energikjelder og arbeidskraft. Statsmonopola voks enormt. Småbrukarar og fiskarar vart ruinerte i stort omfang og vart arbeidarar.

DNA har halde på kontrollen sin over arbeidarklassen fordi det til no ikkje har møtt nokon utfordrar til venstre som kunne ta opp kampen om innverknad på mesteparten av arbeidarklassen.

Skjerpinga av krisa i Noreg og dei skarpare internasjonale motseiingane må også skjerpe motseiingane innanfor DNA sjølv. Nettopp fordi DNA er eit masseparti med makta over fagrørsla, inneheld partiet mange arbeidarar og intellektuelle som ønskjer å føre klassekamp og kamp mot imperialismen. Motseiingane må også vekse mellom ulike borgarlege grupper i leiinga i DNA.

Dette gjer at DNA kan bli svekka og splitta og

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

andre politiske retningar kan få meir å seie. Dette må utnyttast taktisk av kommunistane.

KAPITTEL 15
Den moderne revisjonismen og dei sosialimperialistiske retningane i Noreg

I 1980 er dei moderne-revisjonistiske partia i Noreg «Norges Kommunistiske Parti» («NKP») og Sosialistisk Venstreparti (SV). Begge er mot revolusjon og legg seg nær opp til leiinga i DNA og LO i mange saker. Partia skil seg i graden av støtte til sosialimperialismen og i kva grupper dei får oppslutning frå, og det pregar taktikken deira. I tillegg finst det retningar som stør sosialimperialismen utanom desse to partia.

a) «NKP»*

«NKP» er eit lite parti av dei revisjonistane som i mange år har vore aller mest lojale til Kreml. «NKP» held fram som eige parti berre fordi sovjetleiarane vil ha ein reiskap i Noreg som gjer alt dei seier. Dette gjer at «NKP» isolerer seg frå arbeidsfolk flest.

Innanfor «NKP» finst det i 1980 enno ærlege folk som ikkje har skjøna kva karakter partiet verkeleg har og ønskjer å vere sosialistar.

Partiet sjølv er det mest reaksjonære av alle som er registrerte i Noreg. I innanrikspolitikken går det lengst

* I dette programmet skriv vi «NKP» i hermeteikn for å markere at dette partiet ikkje har noko felles med eit verkeleg kommunistisk parti.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

i anti-kommunisme. I utanrikspolitikken stør det fascismen, kolonikrigane og krigsførebuingane til sovjetleiarane. «NKP» stør Kreml når Sovjet trugar Noreg.

«NKP» har leiarar som venteleg er viljuge til å gjere kva som helst for å stø leiinga i Sovjet. Derfor kan «NKP» bli eit farleg trugsmål mot arbeidarklassen og mot Noreg.

b) SV

SV er eit noko større parti med verkeleg massestøtte og politisk kraft over heile landet.

SV framstiller seg som ein venstreopposisjon til DNA. På det grunnlaget har partiet oppslutning frå radikalisert ungdom, arbeidarar og intellektuelle som søker eit alternativ til venstre.

I Stortinget har SV heile tida i hovudsak vore eit støtteparti for DNA-regjeringa.

Når det gjeld Sovjet, har SV-leiinga gått mot sovjetisk aggresjon somme stader (til dømes i Afghanistan) og støtta han andre stader (til dømes i Kampuchea, Angola). Men SV-leiinga nektar å gjere noko aktivt mot sosialimperialismen, og går mot den veksande anti-imperialistiske masserørsla.

SV er også svært splitta internt, med grupper med ulike syn på DNA, på Sovjet og svært mykje anna. Nokre tendensar står nær DNA og sosialdemokratiet, andre står nær trotskisme eller «NKP», andre vil vere revolusjonære.

I 1980 er SV det sterkaste moderne-revisjonistiske partiet. I hovudsak er det eit pro-sovjetisk parti. Samstundes er det bra for arbeidarklassen at det ikkje er så knytta til Sovjet som «NKP», og at det jamvel går mot Sovjet i somme saker. Dei ulike motstridande tendensane i partiet krev at dei revolusjonære handsamar SV annleis enn «NKP» og skil mellom ulike tendensar og personar i partiet.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

c) Dei sosialimperialistiske retningane utanom revisjonistpartia

Utanom SV og «NKP» finst det pro-sosialimperialistisk politikk som retningar i DNA og i fagrørsla. Dei femnar om somme DNA-tillitsmenn, tillitsmenn i ungdomsrørsla, DNA-medlemer med høge stillingar i staten og folk i og utanfor DNA med viktige verv i LO-forbund. I desse miljøa finst det mange som har vore medlemer av «NKP», som er knytta til revisjonismen og er sterkt positive til Sovjet. Det finst også einskildpersonar utanfor partia, mellom anna i viktige intellektuelle miljø, som har desse oppfatningane.

Ut over dei som er tilhengarar av sosialimperialistisk politikk finst det mange som er påverka av han i nokre spørsmål og derfor kan la seg narre til å gjere felles sak med han i einskilde saker. Det gjeld både folk i statsadministrasjonen, religiøse leiarar, intellektuelle og folk i skoleverket, faglege leiarar, og det vil verke inn på alle parti og jamvel skape grunnlag for slike straumdrag i AKP(m-l).

Sovjets ambassade og agentnett i Noreg arbeider systematisk med heile dette breie kontaktnettet, oppmodar folk til å delta i «tverrpolitisk» arbeid som tener Sovjets interesser osb. Slikt arbeid kan kamuflerast som «fredskampanjer» i ei tid da folk med rette fryktar krig.

Den pro-sovjetiske rørsla i Noreg er derfor større og viktigare enn det vesle «NKP» og har mektige krefter bak seg. Det er farleg å tru at den pro-sovjetiske retninga i Noreg er isolert og ikkje har noko å seie.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 16

Linja for kampen mot opportunismen

Kampen mot opportunismen og revisjonismen i Noreg må bygge på ein konkret analyse av kva for retningar som finst og kva som gjer mest skade for arbeidarklassen og den revolusjonære rørsla.

I kampen mot opportunismen må AKP(m-l) legge vekt på:

— at ei revolusjonær rørsle berre kan vinne framgang i arbeidarklassen i Noreg når ho avslører og kjempar mot den sosialdemokratiske klassesamarbeidslinja.

— at det berre er mogleg å kjempe mot imperialismen og forsvare Noregs sjølvstende når den pro-sovjetiske revisjonismen vert avslørt og nedkjempa.

Massekampen må førast slik at arbeidsfolk får sjå korleis DNA- og LO-leiinga går mot deira interesser og tener dei store monopola. Dette gir grunnlag for å danne ein kampfront av stadig fleire arbeidarar mot DNA- og LO-leiinga og den norske monopolkapitalen.

Samstundes er det farleg å gløyme at sjølv om den pro-sovjetiske retninga som «NKP» er det mest konsekvente uttrykket for, er veikare enn DNA, så er ho mykje meir reaksjonær og mykje farlegare på lang sikt, særleg om det vert krig. Så store krefter som råd er må samlast mot denne retninga for å avsløre henne og svimerke henne overalt.

Fronten mot revisjonisme og opportunisme går gjennom AKP(m-l) sjølv òg. I vår tid er det alltid stor fare for at eit kommunistparti som AKP(m-l) kan gå under eller bli eit revisjonistparti. Derfor må AKP(m-l) føre indre politisk strid mot revisjonistiske tendensar og lære å kjenne og bruke marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking betre. Når det gjeld den marxistiske

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

teorien og politikken, kan ikkje AKP(m-l) gå med på å gjere kompromiss i prinsippspørsmål.

Det er òg viktig å føre strid for den marxistiske teorien utanfor partiet. Dei mest radikaliserte blant arbeidarane og ungdomen er interesserte i marxismen, og derfor kan revisjonistiske forfalskingar av marxismen gjere stor skade i nettopp desse gruppene.

Når det gjeld tilhøvet til ulike revisjonistiske grupper, er det rett å skilje mellom dei og handsame dei ulikt ut frå kor viktige dei er kvar for seg og kva standpunkt dei tar i ulike saker, og til dømes handsame SV annleis enn det svarte, reaksjonære «NKP».

Målet for striden mot opportunismen er ikkje å splitte arbeidarklassen enda meir, men å overvinne splittinga og skape ein felles kampfront mot klassefienden. Kommunistane må sameine seg med sosialistar og andre utanfor AKP(m-l), irekna folk i DNA og revisjonistpartia. Elden må rettast mot dei få verkeleg reaksjonære krinsane, dei som tener monopolkapitalen, og særleg dei som tener sosialimperialismen.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL IV
Kommunistane og klassekampen under kapitalismen

KAPITTEL 17
Kamp for interessene til arbeidsfolk, kamp mot reformisme og økonomisme

I Noreg i 1980 er den sosialistiske revolusjonen ikkje mogleg på kort sikt. Kommunistane må rekne med å arbeide under kapitalismen enno i mange år.

Samstundes er det stadig i gang store og små kampar mellom klassar, politiske grupper, det er motsetnader mellom Noreg og andre statar osb. AKP(m-l) har sosialismen og kommunismen som det langsiktige målet sitt. For å nå dette målet, må partiet også ha ei linje for dei daglege kampane i den lange perioden før den sosialistiske revolusjonen kjem på dagsordenen i Noreg.

AKP(m-l)s linje for desse kampane under kapitalismen bygger på to grunnleggande prinsipp:

AKP(m-l) må alltid slåst saman med det arbeidande folket for å forsvare interessene det har. Kampen til arbeidsfolk for å forsvare seg mot utbytting, forsvare demokratiske rettar, kampen mot nasjonal underkuing, kvinneundertrykking osb. er heilt naudsynt og rettvis. Dersom arbeidsfolk ikkje fører daglege kampar for dei nære livsinteressene sine, vil utbyttinga og undertrykkinga bli hardare. AKP(m-l)s rolle er å tene folket. Derfor må AKP(m-l) ta del i, utløyse og leie

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

dagskamp. AKP(m-l) kan berre vinne tiltru frå arbeidsfolk når partiet syner at det tar alvorleg på dei daglege små og store kampane for interessene til arbeidsfolk. AKP(m-l) må vere der massane kjempar, og så lenge tilhøva i hovudsak er slik som i 1980, må ein stor del av kreftene til partiet brukast i kampen for å delta i dei små og store forsvarskampane massane fører.

AKP(m-l) avviser ideane om at dagskamp under kapitalismen kan føre til sosialismen. Sosialdemokratar og revisjonistar vil ha det til at dei små og store dagskampane under kapitalismen kan betre stillinga for arbeidarklassen for godt, og tilmed overføre makta steg for steg frå kapitalistane til arbeidarklassen. AKP(m-l) må kjempe mot spontane idear om å overvurdere resultata av den daglege klassekampen under kapitalismen. AKP(m-l) må prioritere økonomisk kamp høgt, men samstundes avvise *økonomismen* som hevdar at forståinga for revolusjonen og sosialismen veks ut av den økonomiske kampen. Økonomismen nedvurderer den teoretiske og politiske kampen til fordel for den økonomiske kampen. Om ei økonomistisk linje får rå, vil arbeidarklassen kome under leiing av revisjonistar og andre borgarlege retningar. AKP(m-l) må i samsvar med Lenins tilvisingar føre kamp på både det økonomiske, politiske og teoretiske området. AKP(m-l) må kjempe for alle slags reformer som er til føremon for arbeidsfolk, men samstundes avvise *reformismen,* som spreier illusjonar om at berre reformene vert mange nok, så avskaffar dei kapitalismen.

AKP(m-l) avviser sekteriske idear om at kommunistane skal halde seg vekk frå dagskampen og berre konsentrere seg om å førebu seg på ein revolusjonær situasjon i framtida. Slike idear er i røynda reaksjonære, dei skader kampen arbeidarklassen fører mot borgarskapet. På den andre sida avviser vi ideen om å la vere å ta alvorleg på å førebu partiet på revolusjon og krig.

AKP(m-l) må prioritere dagskampen høgt både for-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

di han er naudsynt og rettvis i seg sjølv, og fordi han gir grunnlag for å utvikle den revolusjonære rørsla. Dagskampen gir arbeidsfolk røynsle i kamp og organisasjon og fører til auka interesse for politikk. Røynslene og kunnskapane frå mange dagskampar er ein av føresetnadene for å vinne makta frå borgarskapet. Dagskampen gjer at AKP(m-l) kan gro djupare røter i arbeidarklassen og folket, kan lære av arbeidsfolk, herde seg sjølv og bli betre til å leie.

Dagskampen er derfor heilt naudsynt for å samle krefter fram til den tida da ein sosialistisk revolusjon i Noreg vert mogleg. Samstundes må kommunistane halde fast på at dagskampen aldri kan *erstatte* det revolusjonære stormløpet mot den kapitalistiske staten, som er det einaste som kan føre til sosialismen.

KAPITTEL 18
AKP(m-l) og fagforeiningane

For å forsvare interessene sine mot kapitalistane skaper arbeidarklassen masseorganisasjonar. Den viktigaste typen av desse masseorganisasjonane no er *fagforeiningane.* I Noreg er fleirtalet av proletariatet organiserte i fagforeiningar, for det meste i LO. I tillegg er fleire hundre tusen frå andre arbeidande klassar også organiserte i fagforeiningar i og utanfor LO.

Fagførsla må vere eit hovudområde for arbeidet til AKP(m-l). For å sette arbeidarklassen i rørsle må fagforeiningane sette seg i rørsle. Derfor er det avgjerande at AKP(m-l) evnar å få oppslutning om politikken sin i fagforeiningane. AKP(m-l) må arbeide målmedvete og tolmodig for å vinne tiltru frå fagforeiningane og for at partiet vert den leiande politiske krafta i fagrørsla.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Ei slik stilling kan partiet berre vinne gjennom eit tolmodig arbeid, og ved å nytte metoden med diskusjon og overtyding. Det krev at partiet i praksis syner arbeidarane at det står for deira langsiktige og kortsiktige interesser, og at det syner seg som ei effektiv støtte og leiing i kampen fagforeiningane fører. AKP(m-l) tar avstand frå maktmisbruket og tvangsdirigeringa av fagrørsla som DNA- og LO-toppen driv med, og er imot systemet med kollektiv medlemskap.

a) Den grunnleggande oppgåva til fagforeiningane

Den kollektive kampen for dei beinveges interessene til arbeidarane, særleg kampen for løns- og arbeidsvilkår, er dei grunnleggande oppgåvene til fagforeiningane. Aleine er arbeidarane nøydde til å forhandle med kapitalistane kvar for seg om løns- og arbeidsvilkåra. Samla, i fagforeiningar, vert dei i stand til å tvinge kapitalistane til å innrømme dei bestemte løns- og arbeidsvilkår. På denne måten kan arbeidarane mildne konkurransen seg imellom.

For å kunne fylle denne oppgåva må fagforeiningane vere annleis enn politiske parti. I prinsippet må dei ta opp alle som medlemer unntatt streikebrytarar, nazistar og fascistar.

At AKP(m-l) går inn for å spele ei leiande rolle i fagforeiningane, vil ikkje seie at kommunistane vil gjerê dei til partifagforeiningar eller på annan måte organisatorisk underlagt AKP(m-l). AKP(m-l) respekterer fullt ut at fagforeiningane har sin eigenart og sitt organisatoriske sjølvstende. Dei er organisasjonar som fattar sine eigne vedtak på demokratisk vis. AKP(m-l) prøver å vinne oppslutning om synspunkta sine ved å kome med framlegg på vanleg demokratisk måte og overtyde folk gjennom diskusjon. Dette er eit spørsmål om tiltru som partiet må vise seg verdig til gjennom sin allmenne politikk og si faglege linje, og vinne

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

på nytt og på nytt. AKP(m-l) avviser å etterlikne metodane med maktmisbruk og tvangsdirigering av fagrørsla som DNA- og LO-toppen driv gjennom kollektivt medlemskap, pengetapping til DNA og liknande.

Ein viktig del av den faglege linja til AKP(m-l) er nettopp å kjempe for at fagforeiningane vert gode reiskapar for å ta vare på interessene til *alle* arbeidarar, utan omsyn til partiskilje eller andre skilje, slik at dei kan stå saman i kampen mot kapitalistane. AKP(m-l) støttar kampane fagforeiningane fører mot klassefienden og arbeider for å fagorganisere enda større delar av arbeidarklassen og det arbeidande folket.

Organiseringa i fagforeiningar og kampane mot kapitalistane gjer også at arbeidarane i masseomfang kan lære samhald og solidaritet, lærer politikk og organisering. Fagforeiningane er viktige som skolar. Særleg viktige er streikar. Lenin kalte streiken «ein skole i krig, men ikkje sjølve krigen».* Med dette meinte han at sjølv om streikar ikkje kan erstatte den sosialistiske revolusjonen, så aukar dei den politiske interessa blant dei streikande valdsamt. Det gjer at arbeidarar i streik ofte gjennom dagar, veker eller månader lærer meir om politikk og organisering enn gjennom mange år elles.

AKP(m-l) må aktivt nytte den politiske interessa streikane skaper til å avsløre det kapitalistiske systemet og vise at det er naudsynt å kjempe for sosialismen.

b) Mot ideen om upolitiske fagforeiningar

Den rettvise og naudsynte økonomiske kampen fagforeiningane fører, er ikkje nok i seg sjølv. Framsteg vunne i kamp kan snøgt bli tatt frå arbeidarane igjen gjennom tiltak frå borgarskapet og staten. Sjølv ikkje dei

* Lenin: «Om streiker» (1889), i heftet *Streik! Om økonomisk og politisk kamp,* Oktober, 3. opplag 1977, s. 12.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

beste resultat av kampen fagforeiningane fører kan sikre livsinteressene til arbeidarklassen så lenge kapitalismen finst.

Varige betringar for arbeidarklassen kan berre sikrast under sosialismen. Derfor er det rett å arbeide for at fagforeiningane samstundes som dei kjempar for betre løns- og arbeidsvilkår, også følgjer oppmodinga til Marx om å skrive «parolen "Avskaffing av lønssystemet!" på fana si»*, og altså tar stilling for sosialismen.

Fagforeiningane kan derfor ikkje nøye seg med berre å drive med saker som er beinveges knytta til løns- og arbeidsvilkåra til medlemene. Arbeidarklassen treng å slutte seg saman for å forsvare seg mot kapitalistane ikkje berre innanfor einskilde verksemder, men også i heile landet og internasjonalt. Spørsmål om demokratiske rettar, industripolitikk, nasjonalt sjølvstende, anti-imperialisme osb. har mykje å seie for livet til arbeidarane i fagforeiningane. Derfor må fagforeiningane bli senter som støttar og tar del i mange former for kamp mot den kapitalistiske undertrykkinga og utbyttinga og utviklar solidariteten og den proletariske internasjonalismen.

I Noreg har arbeidarklassen tradisjonelt drøfta og fatta vedtak om alle slags samfunnspolitiske spørsmål i fagforeiningane. AKP(m-l) vil forsvare og utvikle denne gode tradisjonen. I motsetning til dette har borgarskapet og dei borgarlege retningane i fagrørsla alltid freista å gjere fagforeiningane til upolitiske organisasjonar. Linja med å nekte fagforeiningane å diskutere og fatte vedtak om politikk er ein freistnad på å ta frå arbeidarane den demokratiske retten til å ytre seg og gjere dei politisk umyndige.

---

* Marx: «Lønn, pris og profitt» (1865). Forlaget Oktober 1976, s. 58.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

c) Kampen mellom linjer i fagforeiningane

Fordi dei norske fagforeiningane er så store og viktige, set borgarskapet mykje inn på å halde kontrollen over leiinga i dei. I 1980 er toppleiinga i LO i hendene på borgarlege politikarar. Dei søker å få fagforeiningane til å verke som ein reiskap til å stabilisere borgarskapet sitt herredøme ved å støtte opp om toppleiinga i DNA. Den langvarige sosialdemokratiske dominansen i arbeidarrørsla i Noreg gjer at klassesamarbeidsidear står sterkt i store delar av arbeidarklassen. Sosialdemokratar og revisjonistar spreier idear om at fagforeiningane må godta diktat frå den borgarlege regjeringa og vise «moderasjon og måtehald». Slike klassesamarbeidsidear får også god grobotn i fagforeiningane fordi fagforeiningane av natur må vere breie og femne om arbeidarar med ulik grad av klassemedvit. AKP(m-l) må slutte seg saman med dei mest klassemedvetne arbeidarane i fagforeiningane for å vinne over så mange som råd er til å arbeide for at fagforeiningane skal vere verkelege kamporganisasjonar.

Arbeidararistokratiet i fagrørsla er særskilt viktig som grobotn for borgarlege idear. Fagrørsla treng både mange tillitsmenn som er tilsette på heiltid og mange tillitsmenn som kan ta seg fri for å drive tillitsmannsarbeid. Men med dette naudsynte apparatet som påskot er det skapt eit svært system av pamperi, byråkrati og fordeling av «bein». Ein del toppfunksjonærar får svært høge løner og andre privileg. Utviklinga av dette privilegsystemet skaper borgarlege holdningar hos delar av tillitsmannssjiktet, fører til ei underdanig innstilling oppover og vanvørdnad for vanlege medlemer i fagforeiningane. Det skader livet i dei vanlege fagforeiningane, undergrev demokratiet, fører til passivitet blant medlemene og knyttar fagrørsla nærmare til kapitalistane og staten.

AKP(m-l) vil kjempe mot alt pamperi og gå inn for

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

at løner og føremoner vert reduserte til det som er naudsynt for at tillitsmennene skal kunne gjere tillitsmannsarbeid. AKP(m-l) vil gå inn for at tillitsmenn som tar meir omsyn til interessene til borgarskapet enn til medlemene, vert bytta ut med tillitsmenn som står for ei klassekamplinje. AKP(m-l) vil kjempe for å utvide det faglege demokratiet og den lokale aktiviteten, for ytringsfridom i fagforeiningane, informasjon til medlemene og medlemskontroll av alle valde tillitsmenn.

I 1980 freistar sosialimperialismen å gjere fagrørsla til eit hovudfelt for infiltrasjonen han driv i Noreg. AKP(m-l) vil gå saman med alle anti-imperialistar for å gjere framlegg om at alle fagforeiningar bryt all organisert kontakt med den sovjetiske staten, venskapsorganisasjonar med Sovjet og Aust-Europa og den statsdirigerte sovjetiske og austeuropeiske fagrørsla.

Fordi sosialdemokratiske og revisjonistiske retningar i fagrørsla tener interessene til borgarskapet er det naudsynt at det òg blir ført kamp mot deira linje og politikk i fagrørsla. Denne kampen vil tene interessene til dei fagorganiserte fordi det vil styrke fagforeiningane si evne til å løyse oppgåvene sine. Samstundes bygger vi på prinsippet om å sameine det store fleirtalet av dei fagorganiserte, same kva parti dei måtte stø, til ein felles kamp mot klassefienden og isolere dei få reaksjonære. Fagforeiningane må ta del i mange former for kamp, dei må utvikle solidariteten og den proletariske internasjonalismen.

I slike kampar er AKP(m-l) mot kuppmetodar, kommandering og vedtak som strir mot interessene til fleirtalet. At AKP(m-l) strir mot sosialdemokrati og revisjonisme tyder ikkje at partiet kjempar mot alle einskilde medlemer og tilhengarar av slike parti. AKP(m-l) slåst på dette viset for å styrke klassekamplinja i fagrørsla og gjere dei borgarlege og opportunistiske retningane til mindretalsrørsler. AKP(m-l) vil nytte kampen og diskusjonen i fagrørsla til å spreie

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

kommunistisk politikk og marxistisk teori. AKP(m-l)s langsiktige mål er å vinne det store fleirtalet av fagforeiningar og fagforbund for si politiske linje for den sosialistiske revolusjonen i Noreg.

KAPITTEL 19
AKP(m-l), einskapsfront og allianser

I det kapitalistiske Noreg finst det klassar og sjikt med ulike interesser innanfor det arbeidande folket. Arbeidarklassen er kløyvd i ulike politiske retningar. Det finst mange politiske parti og grupper. Innanfor borgarskapet finst det òg grupper som strir mot kvarandre.

For å utvikle klassekampen og den revolusjonære rørsla, må AKP(m-l) utvikle politikk for einskapsfront og alliansar.

Det grunnleggande i denne politikken er å utvikle einskapen steg for steg innanfor arbeidarklassen sjølv og innanfor andre delar av det arbeidande folket. Denne fronten kan ikkje ta form av ein einskild organisasjon. Han vil utvikle seg gjennom solidaritet og sams handling, og gjennom at det veks fram ulike masseorganisasjonar for ulike grupper og ulike saker. Fagrørsla må vere ein hjørnestein i heile einskapspolitikken. AKP(m-l) må òg arbeide for å styrke andre former for masseorganisering, som kvinneorganisasjonar, miljørørsler, kulturrørsler, anti-imperialistiske rørsler osb. Innanfor masserørsla må AKP(m-l) stri for å vinne oppslutning og leie gjennom overtyding og ved å bruke demokratiske metodar, og vere villig til å respektere demokratiske fleirtalsvedtak som går mot synet til partiet.

Det er òg naudsynt for klassekampen å utnytte motseiingane mellom monopolgrupper, borgarlege parti

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

og einskildpersonar for å lage alliansar. Det er gale å handsame alle borgarlege rørsler og parti som ei reaksjonær blokk. Somme er verre enn andre. Somme er for fascisme, andre mot. Somme stør sosialimperialismen, andre går mot. Somme lar seg presse av arbeidsfolk, andre ikkje, osb. Det er òg rett av arbeidarklassen å spele på motsetnader mellom borgarar for å vinne føremoner for seg sjølv.

AKP(m-l) må freiste å samle så mange som mogleg og gjere det så lett som mogleg for arbeidsfolk å ta aktivt del i einskapsfronten, utan omsyn til skilje mellom grupper, politiske skilje, nasjonale skilje osb. AKP(m-l) må gå i brodden for å utvikle demokratiet i masserørslene og respektere sjølvstendet deira. AKP(m-l) må ikkje slå like hardt mot alle fiendar, men konsentrere slaga om dei viktigaste fiendane. Desse prinsippa samanfatta Mao slik: Samein dei mange, vinn siger over dei få.

KAPITTEL 20
AKP(m-l) og parlamentariske val

AKP(m-l) må drive valkamp og søke å få kommunistar, sosialistar og klassekjemparar inn i parlamentariske organ. Dette må brukast til å spreie revolusjonær politikk. Som Lenin sa må parlamentet brukast som ein talarstol. I parlamentariske organ må kommunistane avsløre den borgarlege staten, avsløre revisjonistane og andre borgarlege politikarar. I saker der det er mogleg, må dei bruke massemobilisering og smidig politisk taktikk for å få gjennom vedtak til føremon for arbeidsfolk. Hovudlinja må vere at det parlamentariske arbeidet fungerer til å mobilisere og stø opp om masserørsla utanfor storting, fylkesting og kommune-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

styre. AKP(m-l) må også nytte det parlamentariske arbeidet sitt som konkret utgangspunkt for å avsløre kor falskt demokratiet under den borgarlege parlamentarismen er, og drive propaganda for at berre sosialismen kan gi arbeidarklassen og folket eit verkeleg demokrati.

Så lenge tilhøva i Noreg framles er som i 1980, er det viktig for AKP(m-l) å ta del i vala til borgarlege parlamentariske organ som storting, fylkesting og kommunestyre. Boikott er ikkje noko eigna middel til å overtyde eit fleirtal av arbeidsfolk om at det parlamentariske systemet er eit dekke for borgarskapets politiske diktatur. Tvert om vil det berre føre til at kommunistane overlet denne viktige arenaen til borgarlege parti. Det vil svekke og ikkje styrke kommunistane overfor sosialdemokratar og revisjonistar.

KAPITTEL 21
AKP(m-l) og kampen for dei demokratiske rettane

AKP(m-l) kjempar for å forsvare og utvide dei demokratiske rettane som arbeidsfolk har vunne gjennom mange hundreårs hard strid. Å forsvare desse rettane er eit viktig spørsmål som gjeld verferda for massane, og det er viktig for å kunne organisere kampen mot borgarskapet og imperialismen.

Derfor må AKP(m-l) under kapitalismen stå fram som den mest konsekvente forkjemparen for desse rettane. AKP(m-l) må forsvare ytringsfridomen, organisasjonsfridomen, demonstrasjons- og møtefridomen osb. AKP(m-l) må gå inn for at det skal vere mogleg for alle ikkje-fascistiske parti og grupper som ønskjer det å stille til val. AKP(m-l) må forsvare den personlege rettstrygda til einskildindividet. AKP(m-l) må gå

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

mot forfølging på grunn av nasjonalitet, rase, politisk syn, religiøs tru, kjønn og seksuell orientering. AKP(m-l) må slåst mot politivald.

Det er særs viktig for AKP(m-l) å slåst for størst mogleg politiske og faglege fridomar og rettar for arbeidarklassen og dei arbeidande massane. For fagforeiningsfridomen og streikeretten. Mot faglege tvangslover, yrkesforbod og svartelisting. Mot antikommunisme, for ytringsfridom i fagforeiningane og på arbeidsplassane.

AKP(m-l) er for full religionsfridom og fridom til å ikkje ha noka religiøs tru. Dette krev at kyrkja blir skild frå staten, religionsundervisning blir ei privat sak og blir tatt ut frå skolane, og vigsel, namnsetting av born og gravferd får eit offentleg seremoniell, mens religiøse innslag blir nytta i tillegg av dei som ønskjer det frivillig og privat.

AKP(m-l) kjempar mot nasjonal underkuing og stornorsk sjåvinisme retta mot den samiske nasjonen og dei nasjonale mindretala i Noreg. Dette er ein særs viktig del av kampen for dei demokratiske rettane i Noreg.

Formelle demokratiske rettar kan bli utvatna og fascistisk kupp førebudd ved at folket blir terrorisert av fascistiske bandar og andre kriminelle. AKP(m-l) krev forbod mot fascistiske bandar og gangstervesen under kapitalismen. Overvaking og provokasjonar frå statlege og utanlandske imperialistiske spionorganisasjonar kan spele same rolle og kampen må også rettast mot dei for å forsvare dei demokratiske rettane.

AKP(m-l) kritiserer det borgarlege demokratiet fordi det i røynda vert brukt til å løyne kapitalens diktatur. Dette forvrenger borgarskapet til at vi kommunistar etter det dei seier skal vere «mot demokrati». AKP(m-l) må svare på dette ved å syne både i ord og handling at partiet ikkje er for å *innskrenke* dei demokratiske rettane for det arbeidande folket, men tvert imot kjempar for å *utvide* dei, både under kapi-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

talismen og under sosialismen. Nettopp fordi vi er klar over at dei kan bli feidd vekk svært raskt i ein krig eller ved eit fascistisk kupp, ser vi det som desto viktigare å mobilisere arbeidarklassen og folket til å kjempe for å forsvare dei.

Dersom eit fascistkupp trugar i Noreg, vil AKP(m-l) kjempe saman med alle dei kreftene som er villige til å forsvare det borgarlege demokratiet, fordi det er *eit mindre vonde* enn eit ope fascistisk diktatur og skiljet mellom borgarleg demokrati og terroristisk fascisme er svært viktig for folket. Dette gjeld òg om trugsmålet er frå eit revisjonistisk, sosialfascistisk diktatur av den typen som Sovjet held oppe i Aust-Europa, som kan bli innsett i Noreg ved ein invasjon. AKP(m-l) ser prinsipielt på eit slikt fascistisk diktatur i raud «sosialistisk» frakk på same måten som eit tradisjonelt vestleg fascistisk diktatur.

I kampen for dei demokratiske rettane er det naudsynt å avgrense seg frå revisjonistane i Sovjet. Sovjet er i dag den største fascisteten i verda og den største undertrykkaren av demokrati i andre land. Kampen for demokratiske rettar i Noreg kan ikkje vinne tiltru om han ikkje samstundes går mot Sovjet.

KAPITTEL 22
AKP(m-l) og ungdomskampen

AKP(m-l) stør kampane som ungdomen fører mot undertrykking og reaksjon.

Ungdomen høyrer til ulike klassar. Men han har likevel viktige fellestrekk. Ein stor del bruker mange år i utdanning, er økonomisk usjølvstendige og må for det meste leve på lån og stipend eller støtte heimefrå. Det er mangel på arbeidsplassar for ungdom. Dei sosi-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

ale problema mykje ungdom har blir utnytta til massespreiing av narkotika i mange ungdomsmiljø.

Ungdomen er den mest aktive delen av samfunnet, og den delen som lettast vert sett i rørsle. I revolusjonstider utgjer ungdom størstedelen av den aktive revolusjonære masserørsla. Ungdomen er mindre fastlåst i tradisjonar og konservative synsmåtar, og tar ofte først mot det som er nytt. Reaksjonen veit òg at ungdomen lett vert sett i rørsle og representerer framtida. Derfor vert det retta ein enorm reaksjonær propaganda mot ungdomen for å freiste å gjere han til ei støtte for det kapitalistiske samfunnet.

For AKP(m-l) er det òg avgjerande viktig at partiet er med i livet og kampen til ungdomen og er med på å forme synet han har på samfunnet. AKP(m-l) stør den rettvise kampen ungdomen fører for rett til skolegang for alle, for økonomisk trygge kår i skoletida, mot reaksjonært og unyttig pensum, for arbeidsplassar for ungdom, opplæringstilbod i industrien, for skikkelege fritidstilbod, mot rusgiftspreiing og narkotikasal osb. I denne kampen legg AKP(m-l) særskilt vekt på interessene til ungdomen frå arbeidarklassen og halvproletariatet, som er dei som merkar undertrykkinga hardast både i skole, arbeid og fritid. AKP(m-l) kjempar for å holde oppe den gode tradisjonen frå Noreg i 60- og 70-åra da viktige progressive rørsler som den antiimperialistiske solidaritetsrørsla og rørsla mot fascismen i stor mon var ungdomsrørsler. Dei resultata AKP(m-l) og den progressive masserørsla vinn i ungdomen, vil få avgjerande vekt dersom ein sosialistisk revolusjon skal bli mogleg i Noreg.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

KAPITTEL 23

AKP(m-l) og kampen mot undertrykking av homofile

AKP(m-l) stør kampen dei homofile fører mot undertrykking. Psykisk og fysisk terror, sosial isolasjon, tap av arbeid og bustad, seksuell og økonomisk utnytting er døme på kva undertrykkinga av homofile fører med seg i Noreg. Lesbiske vert særskilt undertrykte både som homofile og som kvinner.

AKP(m-l) tar avstand frå alle former for undertrykking av homofile. Partiet stør kampen dei fører mot undertrykking under kapitalismen. Han må halde fram under sosialismen heilt til all undertrykking av homofile er borte. Eit sosialistisk Noreg må sikre dei homofile fulle demokratiske, juridiske og sosiale rettar, forby diskriminering og fremje fordomsfri opplysning.

KAPITTEL 24

AKP(m-l) og kampen for språkleg frigjering

AKP(m-l) stør striden for språkleg frigjering som målrørsla går i brodden for.

Det store fleirtalet av det norske folket snakkar dialekt. Nynorsk er det skriftlege uttrykket for dei norske dialektane. Mot dialektane og det nynorske skriftmålet står eit bokmål som er utvikla av dansk. Bokmålet er halde oppe som talemål først og fremst av borgarskapet, og borgarskapet har interesse av at bokmålet er rådande skriftmål.

Gjennom herredømet over statsmakta, massemedia

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

og utdanning nyttar borgarskapet bokmålet til å halde nede det norske folkemålet i skrift og tale.

Målrørsla organiserer folket i striden for å bruke sine eigne dialektar og for å bruke nynorsk skriftmål. Hovudoppgåva er å la alle norske born få skoleopplæring på dette målet.

AKP(m-l) går mot at det norske språket blir øydelagt av engelske og amerikanske ord og uttrykk som er framande og unødvendige i norsk mål.

AKP(m-l) stør samane sin kamp for frigjering frå språkleg undertrykking, og stør andre folkegrupper i striden deira for å få opplæring på sitt eige mål.

KAPITTEL 25
AKP(m-l) og klassekampen i teorien og kulturen

Arbeidet for å utvikle ein teoretisk kritikk av kapitalismen og kjempe mot borgarskapet sitt herredøme over vitskapen, kunsten og kulturen, er ei viktig form for klassekamp. Slike kampar har mykje å seie i dag og på lang sikt, for å styrke grunnlaget for den sosialistiske revolusjonen.

Alle herskarklassar i historia har freista å utvikle kultur, kunst og vitskap som middel til å forsvare sitt eige klasseherredøme og undertrykke dei arbeidande klassane. Det moderne borgarskapet vil òg utvikle kunst som forsvarer dei politiske og økonomiske interessene deira, og vitskap som tener til å halde kapitalismen ved lag.

Vitskap, kunst og kultur formar det biletet menneska har av verda og samfunnet. Borgarskapet vil nytte dei til å spreie sitt verdsbilete, og proletariatet må stri mot borgarskapet for å spreie sitt verdsbilete.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Vitskapeleg og kunstnarleg arbeid skaper eit fond av kunnskap som gjer det mogleg for arbeidsfolk å forstå kva som styrer den historiske utviklinga og dermed gjer det mogleg å endre samfunnet. Vitskapen har òg særs mykje å seie for utviklinga av produktivkreftene og dermed for å legge grunnlaget for sosialismen og kommunismen.

Kunst kan òg gjere mykje for å spreie revolusjonære sosialistiske idear og andre progressive synsmåtar, og fremje klassekjensla mellom arbeidsfolk. Kunsten kan derfor vere ei viktig politisk kraft i klassekampen under kapitalismen og kampen for sosialismen.

AKP(m-l) må kjempe for at kunnskap om vitskap, kunst og kultur blir tilgjengeleg for flest mogleg og for at forskarar, kunstnarar og arbeidsfolk elles må få høve til å drive intellektuelt arbeid. AKP(m-l) må forsvare ytringsfridomen og den kunstnarlege og vitskaplege fridomen mot undertrykkinga til kapitalistane. AKP(m-l) må kjempe for å avsløre reaksjonære idear i vitskap, kunst og kultur ved å nytte demokratisk diskusjon.

Det er særskilt viktig for AKP(m-l) å utvikle kunst og samfunnsvitskap som tener arbeidsfolk, fremjar kampen mot kapitalismen og bygger på proletariatets revolusjonære synspunkt.

KAPITTEL 26
AKP(m-l) og kampen for sjølvstendet til den norske staten*

Verdsutviklinga aukar faren for at Noreg skal bli dratt

* Landsmøtet vedtok at det støtta AKP(m-l)s militærpolitiske program, vedtatt på landskonferansen våren 1979.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

inn i ein ny storkrig. Å kjempe for nasjonalt sjølvstende for Noreg mot trugsmålet om ein sovjetisk okkupasjon er ei overmåte viktig oppgåve. Verkelege antiimperialistar og verkelege klassekjemparar i Noreg må vere patriotar.

a) Krav til norsk utanrikspolitikk

I dag er det ei særskilt oppgåve å presse den borgarlege norske staten til å gjennomføre tiltak som kan gjere det mindre freistande for Sovjet å gå til åtak, og hjelpe til for å forsvare freden i Noreg. Det gjeld særleg:

— å svare på press frå sosialimperialismen med å vise motstand,

— å betre sambandet med den tredje verda, m.a. ved å styrke det diplomatiske samkvemet,

— å stø dei statane og frigjeringsrørslene som er pressa av sosialimperialismen, særskilt gi materiell og diplomatisk støtte til dei som fører væpna kamp,

— utvikle samband bygd på likestilling og avtalar om gjensidig forsvar med landa i Norden og Vest-Europa,

— utvikle sjølvstende i høve til USA og NATO for å hindre at USA gjer Noreg til slagmark for atomvåpen ved eit sovjetisk åtak.

Det norske borgarskapet er uvillig til å handle etter eit slikt program. Det lar seg dels presse av Sovjet og vonar dels på «hjelp» frå USAs hær og USAs atomparaply. Derfor er det berre folket og dei verkelege patriotane som ved å føre politisk kamp kan presse gjennom ein uavhengig norsk utanrikspolitikk. AKP(m-l) må ta ansvaret for å utvikle og leie fronten for ein slik politikk.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

b) Krav som må stillast til styrkinga av det norske forsvaret

Den norske hæren er bygd opp av borgarskapet for å trygge det norske monopolborgarskapet sine interesser. Ei av oppgåvene hans er å verje borgarskapets diktatur dersom arbeidarklassen og folket vil reise seg for å styrte kapitalismen. Ei anna oppgåve er at han er ein reiskap for det norske monopolborgarskapet i utanrikspolitikken. I 1950-åra underordna dette borgarskapet seg USA-imperialismen, og lot derfor også den norske hæren bli ein lekk i den internasjonale militærmaskinen til USA. I 1980 er det fleire motseiingar mellom interessene til dei norske monopola og USA, men mange av dei militære banda gjennom NATO finst framleis. Men det aukande trugsmålet om åtak frå sosialimperialismen aukar også vona om at den norske borgarlege hæren vil bli mobilisert mot sovjetisk militært åtak.

AKP(m-l) tar stilling til den borgarlege hæren ut ifrå ein konkret analyse av denne hæren sjølv, av situasjonen i landet og internasjonalt. Om situasjonen er slik at ein sosialistisk revolusjon står for døra, vil kommunistane stri for å svekke og oppløyse den borgarlege hæren som kjem til å bli sett inn for å prøve å knuse revolusjonen. Men om eit ytre åtak trugar, kan situasjonen krevje at kommunistane må stø den borgarlege hæren mot imperialistiske åtak.

Hæren til den borgarlege staten kan aldri bli nokon folkehær eller nokon verkeleg demokratisk hær. Han vil halde fram med å vere hæren til dei norske monopola, og eit våpen for den norske reaksjonen mot arbeidsfolk. Men situasjonen no er at ein sosialistisk revolusjon er langt unna i Noreg, og det er heller ikkje særleg sannsynleg med noko indre fascistisk kupp dei nærmaste åra. Det er mogleg at hæren kan bli brukt til føremon for USA, eller at styrkar kan bli brukte mot

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

frigjeringsrørsler i den tredje verda. Men den absolutte hovudfaren no er eit sovjetisk åtak. Derfor må kommunistane legge stor vekt på det når dei utformar linja overfor den norske hæren.

Hovudsaka i 1980 er å stø dei tendensane som gjer det truleg at den norske hæren vil bli mobilisert mot eit sosialimperialistisk åtak, og svekke slike tendensar som gjer det lettare å kapitulere, å legge hæren under USA-imperialismen i ein storkrig eller å bruke han til å underkue det norske folket. Derfor må kommunistane stø den tvungne verneplikta, kjempe mot at ho blir avgrensa, og gå inn for kvinneleg verneplikt. Dei må krevje slike løyvingar som går til våpen som er særleg godt eigna for folkekrig i norsk terreng, som til dømes panservern for infanteri, antiluftskyts m.m. Dei må kjempe for tiltak for å forsvare folket mot ABC-våpen, utryddingskrig og hungersnaud om Sovjet går til åtak. Dei må stø kampen for demokratiske rettar i hæren, for å reinske ut fascistiske element, og for lover som forbyr å bruke hæren mot arbeidsfolk. Kommunistane må gå imot militær sløsing og kjempe mot den militærdoktrinen som vil underordne Noreg under vestlege imperialistmakter i krig og gjere Noreg til slagmark for atomvåpen. Kommunistane ønskjer eit sjølvstendig norsk borgarleg forsvar utanfor NATO framfor ein borgarleg hær som er underordna NATO-kommandoen.

Slik situasjonen er ved inngangen til 1980-åra, må kommunistane stri for endringar i den borgarlege hæren. Men samstundes må dei slåst mot illusjonar om denne hæren.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2013

KAPITTEL 27

AKP(m-l)s oppgåver dersom Noreg blir dratt inn i ein tredje verdskrig*

a) Blir Noreg overfalle av ei supermakt, er det den fremste oppgåva til AKP(m-l) å leie folket i motstandskampen

Om Noreg vert dratt inn i ein tredje imperialistisk verdskrig og landet vert slagmark for supermaktshærane, vil det framleis vere kapitalistisk utbytting og borgarleg underkuing i landet. Men partiet og proletariatet vil likevel få heilt andre oppgåver enn no.

Den sovjetiske sosialimperialismen planlegg eit lynåtak mot Noreg. Om desse planane blir til røyndom, må AKP(m-l) sette som den fremste oppgåva si å mobilisere arbeidarklassen og folket til å føre ein rettvis forsvarskrig mot det imperialistiske åtaket.

b) AKP(m-l)s hovudlinje for militært forsvar av Noreg er folkevæpning og folkekrig

Den einaste verkeleg pålitande krafta for det norske folket i ein ny imperialistisk verdskrig er det væpna folket sjølv. Derfor er hovudlinja for AKP(m-l) framfor trugsmålet om ein slik verdskrig å gå inn for *folkevæpning*. Partiet oppmodar arbeidsfolk til å skaffe seg våpen og nytte alle middel, som militærteneste, idrett osb. til å lære seg militærkunst.

---

* Landsmøtet vedtok at det støtta AKP(m-l)s militærpolitiske program vedtatt på landskonferansen våren 1979.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

AKP(m-l) si linje er at så snart sosialimperialismen eller ei anna makt går til åtak på Noreg, må arbeidarklassen og folket svare på det med å reise seg til motstandskrig. Arbeidsfolk må krevje at den norske staten mobiliserer hæren til forsvar av landet. Samstundes må arbeidarklassen og folket organisere sin eigen væpna motstand uavhengig av monopolborgarskapet og anten den borgarlege hæren gjer motstand som fortener støtte eller ikkje. Patriotane må skipe ein folkehær og føre folkekrig.

c) AKP(m-l)s politikk overfor den norske hæren ved eit imperialistisk åtak

Gjer den norske hæren under leiing av den borgarlege regjeringa motstand mot eit sosialimperialistisk åtak, er det rettvis motstandskrig som AKP(m-l) vil stø.

Men det mest sannsynlege er at den borgarlege hæren vil bryte saman etter ei viss tid. Det er ei følgje av den unasjonale karakteren til det norske monopolborgarskapet, den feilaktige militærdoktrinen deira og feila i forsvarsordninga. Den norske regjeringa kan òg forvandle rettvis forsvarskrig til urettvis krig. Det kan skje om krigen i hovudsak blir ført som ein lekk i å trygge USA-imperialismens interesser, dei norske soldatane blir brukte som kanonføde for USA, og krigen i røynda ikkje verjer det norske folket mot sosialimperialismen.

Det norske monopolborgarskapet har inga tru på å verje Noreg med landets eigne krefter. Derfor set dei all si lit til støtte frå USA-imperialismen og andre vestlege land. Dette kan òg føre med seg at USA nyttar ein krigssituasjon til å skaffe seg kontroll over Noreg.

Kommunistane må forklare arbeidsfolk at vestlege imperialistar ikkje vil forsvare deira interesser mot sosialimperialismen. Dei må heller ikkje sette si lit til den borgarlege norske hæren.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

d) AKP(m-l)s linje for nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig dersom Noreg blir okkupert

Dersom Noreg vert offer for sosialimperialistisk okkupasjon og det norske monopolborgarskapets diktatur vert bytta ut med militærdiktaturet til denne imperialistmakta, så vil òg hovudmotseiinga i Noreg skifte. På den eine sida av hovudmotseiinga står da den imperialistiske okkupasjonsmakta. På den andre sida står den underkua norske nasjonen og dei nasjonale minoritetane.

Hovudmotseiinga under ein okkupasjon må løysast ved at arbeidarklassen og partiet hans sluttar seg saman med alle patriotiske klassar og grupper til ein nasjonal frigjeringsfront, bygger ein folkehær og fører ein nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig i samsvar med prinsippa for langvarig folkekrig, for å kaste fienden ut av landet.

Ein slik nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig vil byrje under tilhøve da kapitalismen framleis finst i Noreg. Det første målet for krigen vil heller ikkje vere å styrte kapitalismen, men å kaste ut åtaksmakta og frigjere landet.

Dette vil ikkje seie at den antagonistiske motseiinga mellom borgarskapet og proletariatet innanfor den norske nasjonen blir borte eller blir mellombels uviktig. Denne motseiinga blir berre ei sekundær motseiing i høve til den nye hovudmotseiinga. Ho vil framleis avgjere den indre utviklinga i den norske nasjonen, og vere med på å avgjere kva klassar og grupper i den norske nasjonen som vil kjempe for nasjonal frigjering, og kva klassar som vil svike nasjonen.

Berre proletariatet og det arbeidande folket har alt å vinne og ingenting å tape på å kjempe med all kraft mot åtaksmakta. Berre dei er den krafta som kan verje interessene til nasjonen og folket og frigjere Noreg.

Blir Noreg okkupert, vil dei store monopola ikkje kunne halde fram med utbyttinga utan å søke samar-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

beid med okkupantane. Derfor må vi vente at eit fleirtal av monopola i praksis vil gå inn for å legge ned motstandskampen. Om borgarlege einskildpersonar, grupper og sjikt vil kjempe mot okkupasjonsmakta, må kommunistane søke einskap med dei om mogleg. Men samstundes vil slike grupper alltid kunne vakle og svike, og dei vil ikkje kunne gi kampen den konsekvente leiinga som kan føre til siger. Linja til kommunistane må vere at kampen skal leiast av arbeidarklassen og i hovudsak bygge på det arbeidande folket, samstundes som fronten freistar å samle alle patriotiske krefter som vil slåst mot fienden. Om borgarlege grupper leier motstandskampen, vil det kunne føre til nederlag. Det vil òg kunne gi som resultat at ei imperialistmakt blir kasta ut berre for at døra skal opnast for ei anna.

e) Sigeren i ein nasjonal-revolusjonær motstandskrig kan opne vegen til sosialismen

Når okkupanten har lide nederlag og er driven ut av landet igjen, vil motseiinga mellom borgarskapet og proletariatet igjen bli hovudmotseiinga.

Om borgarlege grupper har leidd kampen, kan sigeren føre til at borgarskapets diktatur blir gjenoppretta.

Men dersom det er det arbeidande folket som har lukkast i å frigjere landet gjennom ein nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig med proletariatet i leiinga, kan det òg opne vegen for ei forandring av samfunnet slik at det blir mogleg å nytte sigeren til å opprette proletariatets diktatur og med det byrje den sosialistiske revolusjonen. Om det skjer, vil vere avhengig av det politiske medvitet og den politiske viljen til proletariatet, om folket er villig til å kjempe for å halde på makta, og om det finst eit kommunistisk parti som har ei rett, marxistisk linje for å føre revolusjonen i Noreg vidare.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL V
Den sosialistiske revolusjonen

KAPITTEL 28
Den sosialistiske revolusjonen

a) Berre sosialistisk revolusjon er mogleg i Noreg

I Noreg i 1980 er det kapitalistiske samfunnssystemet utvikla så langt som historisk mogleg. Framleis kan produksjonen auke, monopola kan bli større og arbeidarklassen kan vinne nokre reformer gjennom kamp.

Men det norske samfunnet kan berre utvikle seg til eit nytt og høgare historisk nivå ved at kapitalismen vert avskaffa gjennom ein sosialistisk revolusjon. Fordi den norske økonomien er høgt utvikla, og samfunnsmessig produksjon og store monopol dominerer, er det umogleg med noko mellomstadium mellom kapitalisme og sosialisme i Noreg.

Berre proletariatet kan vere leiaren og hovuddrivkrafta i ein sosialistisk revolusjon. Samstundes er proletariatet ikkje i stand til å sigre over borgarskapet aleine. Derfor kan revolusjonen berre sigre på grunnlag av eit klasseforbund mellom proletariatet og dei andre delane av folket som har motsetnader til kapitalismen.

b) Revolusjonen kan berre sigre med støtte av våpenmakt

Borgarskapet i Noreg vil aldri gi frå seg statsmakta og

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

monopoleigedomen sin frivillig, sjølv om eit stort fleirtal av folket i Noreg krev sosialismen.

AKP(m-l) hadde sjølvsagt helst sett at revolusjonen kunne gjennomførast med fredelege middel. Men historia har synt at dette ikkje er mogleg. Borgarskapet vil møte opprøret med vald. Det er òg truleg at framande imperialistmakter vil intervenere for å freiste å hindre at det oppstår eit sjølvstendig sosialistisk Noreg. Desto dårlegare budde arbeidsfolk er på dette, desto verre vil blodbadet bli. Jo betre førebudd arbeidarklassen er på væpna opprør, jo betre sjanse har revolusjonen til å sigre snøgt med minst mogleg offer.

Ingen sosialistisk revolusjon har sigra utan at arbeidsfolk har knust den reaksjonære valdsmakta med væpna opprør. Den sosialistiske revolusjonen i Noreg kan berre sigre når det arbeidande folket er førebudd på å gjennomføre han med våpenmakt.

c) Kva er ein revolusjonær situasjon?

Skal den sosialistiske revolusjonen kunne ta til, må det vere ein revolusjonær situasjon i Noreg.

Ein revolusjonær situasjon er ei svær, landsomfattande krise der dei undertrykte massane innser at dei ikkje lenger kan leve på den gamle måten og krev endringar, der borgarskapet òg er hardt kriseramma slik at det vert uråd for dei å herske på den gamle måten, og der det er ei raskt veksande masserørsle som dreg tilmed mange av dei mest passive massane med i den politiske kampen. Lenin slo fast at det først da er mogleg for proletariatet å starte den sosialistiske revolusjonen.

Revolusjonære situasjonar vil oppstå i Noreg fordi det finst motseiingar i samfunnet som ikkje kan løysast under kapitalismen. Så lenge det er kapitalisme må det oppstå slike kriser igjen og igjen. Dette er ei

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

lov som gjeld, sjølv om det kan gå fleire tiår mellom kvar gong det er ein revolusjonær situasjon.

Klassekampen vil bølgje att og fram mellom kvar revolusjonær situasjon. Å freiste å gå til storm for å styrte kapitalismen i periodar da det ikkje er ein slik situasjon i landet, er eventyrpolitikk som berre kan føre til nederlag. I slike periodar er det avgjerande viktig at kommunistpartiet går i spissen for å utvikle klassekampen på det teoretiske, politiske og økonomiske området, for å samle krefter og røynsle til kamp når sosialismen verkeleg vert mogleg.

d) Dei tre våpna som er naudsynte for at revolusjonen skal sigre

Ein revolusjonær situasjon fører ikkje av seg sjølv til at kapitalismen fell og arbeidarklassen får makta. Om arbeidarklassen slåst utan leiing, samling og plan, kan borgarskapet etter ei tid slå ned den revolusjonære rørsla og ta att makta si. Ein revolusjonær situasjon vil berre seie at det vert *mogleg* med sosialisme, men sigeren for sosialismen er langt frå trygga.

Mao Zedong sa at det trengst tre viktige våpen om arbeidarklassen skal kunne gripe makta:

— *Eit revolusjonært kommunistparti.* Det må halde fast på marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking, bruke den på grunnlag av god kjennskap til røyndomen i Noreg, og vere svært nært knytta til resten av proletariatet og folket. Partiet må vere førebudd på revolusjon, krig og fascistisk terror både ved å ha forklart medlemene og arbeidsfolk elles kva som kan og vil skje, og ved å ha skapt ein organisasjon som kan kjempe under krig og illegalitet. AKP(m-l) er oppretta for å vere dette partiet.

— *Ein folkehær.* Ein slik hær må vere sett saman av arbeidarar og andre utbytta og vere under leiing av partiet. Hæren må forsvare interessene til arbeidsfolk

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

flest i Noreg, vere nært knytta til dei arbeidande massane og vere i stand til å føre ein langvarig folkekrig. Berre ein slik hær kan slå kontrarevolusjonen på slagmarka.

— *Ein einskapsfront.* Einskapsfronten må sameine partiet og alle andre som kan kjempe for revolusjonen, sameine arbeidarklassen med bøndene, fiskarane, dei intellektuelle og andre progressive klassar og lag, sameine masserørsler, alle politiske parti, grupper og einskildpersonar som kan vinnast for revolusjonen. I Noreg er det klassar og grupper innanfor folket med ulike interesser, og arbeidsfolk stør mange ulike politiske oppfatningar. Slik vil det også vere i ein revolusjonær situasjon. Berre ein einskapsfront som gjer det mogleg for flest mogleg av desse ulike kreftene i folket å delta, kan mobilisere slike kjempekrefter at revolusjonen kan vinne over dei svære kreftene til reaksjonen.

e) Sovjetiske statskupp, invasjonar og massemord er det motsette av sosialistisk revolusjon

Verkeleg sosialistisk revolusjon kan berre gjennomførast av arbeidsfolk sjølve. Arbeidsfolk må sjølv vinne fridom for seg og landet sitt, gjere seg til herre over lagnaden sin, organisere produksjonen og dagleglivet osb.

I 1980 vert Sovjets imperialistiske framstøytar for å underkue andre land forfalska og framstilte som sosialisme. *Statskupp* frå klikkar av pro-sovjetiske offiserar og *invasjonar* frå Sovjet, Cuba og Vietnam vert kalla sosialistisk revolusjon. Pro-sovjetiske fascistiske styre vert kalla sosialisme, krig mot fridomskjemparar og terror og massemord mot arbeidsfolk vert kalla kamp for å forsvare sosialismen.

Men dette har ikkje noko med verkeleg sosialisme å gjere. Det går rakt mot det mest grunnleggande i ver-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

kelege sosialistiske revolusjonar: at det arbeidande folket *sjølv* må sette seg i rørsle og gripe inn i historia. Inga lita gruppe og inga framand makt kan erstatte den revolusjonære rørsla i folket sjølv. Snakket om «sosialisme» innført av kuppmakarar og imperialistiske okkupantar utan massane, uttrykker vanvørdnad for arbeidsfolk og dyrking av *eliten* som dei som skal avgjere. Dette er tankar som er reindyrka i nazismen og den sovjetiske revisjonismen, og kan ikkje semjast med verkeleg sosialisme.

f) Kritikk av range idear om kampen for sosialisme i Noreg

«Den fredelege og parlamentariske vegen»

Mange revisjonistar og sosialdemokratar hevdar at sosialismen kan sigre i Noreg ved at sosialistar vinn fleirtal på Stortinget. Dette er å undervurdere makta til borgarskapet. Det noverande statsapparatet er ein maskin for å undertrykke arbeidsfolk, og er bygd opp for å forsvare den borgarlege eigedomen. Dette apparatet vert ikkje knust av at eit fleirtal av folket røystar for sosialismen ved val. Borgarskapet ville tvert om kunne nytte makta si over statsapparatet og hæren til å stogge alle freistnader på å gjennomføre sosialisme, om nødvendig ved vald.

Ideen om «den fredelege og parlamentariske vegen» tener borgarskapet fordi han skaper illusjonar om kapitalismen. Når slike idear står sterkt i arbeidarklassen i tider med hard klassekamp, kan det føre til at arbeidarklassen ikkje vert klar over kor farleg situasjonen er. Resultatet kan bli eit blodbad, som i Tyskland etter 1933 og Indonesia etter 1965.

«Mellomstadium» før sosialismen i Noreg

Nydemokratisk revolusjon er mogleg i halvfeudale og halvkoloniale land. Ein slik revolusjon bygger på ein-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

skapsfront mellom arbeidarar, bønder, nasjonale borgarar og andre mot føydalisme og utanlandsk kapital, for borgarleg-demokratisk revolusjon, nasjonalt sjølvstende og utvikling av produktivkreftene. Der proletariatet har leiinga, kan slike revolusjonar gå vidare til å bygge sosialismen. Men Noreg er eit høgt utvikla kapitalistisk land der alle viktige restar av føydalisme og kolonialisme er utrydda for lengst. Derfor er det ikkje mogleg med nydemokratisk revolusjon her.

Statsovertaking under kapitalismen kan ikkje føre til sosialisme. Den norske staten er sjølv dels ein reiskap for dei største monopola, dels monopolkapitalist sjølv. Føresetnaden for at statsovertaking fører til sosialisme, er at det er arbeidarklassens eigne, verkeleg demokratisk oppbygde stat som tar over eigedomen og nyttar han til å tene folket sine behov. Under kapitalismen vil statsdrift berre seie at direktørane flyttar inn på statskontora og utbyttinga vert organisert på ein annan måte.

«*Anti-monopolistisk revolusjon*» skal ifølgje somme revisjonistar føre til sosialismen. Dei vil at revisjonistparti skal gå saman med borgarlege parti og nokre kapitalistar, kanskje nokre monopolgrupper, og danne ei «anti-monopolistisk» regjering. Ho skal så seinare starte ei utvikling i retning av «sosialismen». I røynda er dette berre ein politikk for at revisjonistparti skal kome inn i borgarlege regjeringar med støtte av delar av monopolkapitalen, og bli byråkratkapitalistar sjølve ved å gjere fleire verksemder om til kapitalistisk statseigedom. Slik kan revisjonistane skape eit kapitalistisk system som liknar på det i Aust-Europa, og også sleppe sosialimperialismen inn bakvegen.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL VI
Sosialismen, proletariatets diktatur og utviklinga til kommunismen

KAPITTEL 29
Sosialismen og proletariatets diktatur

a) Den proletariske revolusjonen er noko heilt nytt i verdshistoria

Den proletariske revolusjonen er den mest grunnleggande revolusjonen i menneskesoga til no. Tidlegare revolusjonar har berre ført nye utbyttarklassar til makta. I den proletariske revolusjonen tar proletariatet makta i leiinga for det arbeidande folket for å avskaffe all utbytting. Sjølve maktovertakinga er berre innleiinga på den omfattande revolusjonen proletariatet vil gjennomføre.

Etter den proletariske revolusjonen finst det enno lenge eit borgarskap, det er klassar og klassekamp. Motseiinga mellom proletariat og borgarskap er framleis lenge hovudmotseiinga i samfunnet, med den skilnaden at proletariatet har tatt makta og undertrykker borgarskapet.

Sosialismen er ei overgangsform mellom kapitalismen og det verkelege klasselause kommunistiske samfunnet. Nett derfor sa Mao Zedong at «det vrimlar av motseiingar» under sosialismen.* Sosialismen er ikkje

* Mao: «Ei dialektisk holdning til indre enhet i partiet» (1957), i *Verker i utvalg*, b. 5, Oktober 1977, s. 530.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

noko idealsamfunn der alle problem er løyste. Men for første gongen har arbeidarklassen statsmakta og eigedomen over produktivkreftene som reiskap til å skape eit betre tilvære.

I eit høgt utvikla kapitalistisk land som Noreg med eit røynt borgarskap og ein sterk stat, er det vanskelegare å starte den sosialistiske revolusjonen enn i dei landa der det har vore sosialistiske revolusjonar til no. At produksjonsmidla er så høgt utvikla er ein faktor som kan gjere det lettare å føre revolusjonen vidare. Til no har vi berre røynsler frå revolusjonar i land med lågare økonomisk utviklingsnivå å bygge på. Noko høgt utvikla og klasselaust kommunistisk samfunn er enno ikkje skapt på jorda.

Det finst derfor ingen ferdig modell, utprøvd i praksis, som kan vere mønsteret for utviklinga av det sosialistiske samfunnet i Noreg. Det er naudsynt å bygge på dei røynslene som er hausta i andre sosialistiske land. Kommunistane må studere dei grundig, for å utvikle forståinga for sosialistisk økonomi og sosialistisk politikk under ulike sosiale og historiske føresetnader. Men sosialismen i Noreg må få ei utforming som svarer til tilhøva i Noreg, og det vil i mykje måtte skilje seg frå andre sosialistiske land.

Det gjer òg at det er vanskeleg å seie svært detaljert på førehand korleis sosialismen i Noreg skal sjå ut. Det må bli forma ut steg for steg på grunnlag av dei røynslene det arbeidande folket gjer i Noreg, og vil også bli avgjort av situasjonen i landet når revolusjonen sigrar, om landet til dømes er svært herja etter ein krig osb.

Dette programmet handsamar derfor berre kva AKP(m-l) meiner om sosialismen i heilt grove drag.

b) Den sosialistisk økonomien

Under sosialismen tar det arbeidande folket over dei

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

samfunnsmessige produksjonsmidla og produktet frå dei. Dermed opphevar sosialismen den antagonistiske karakteren av motseiinga mellom samfunnsmessig produksjon og privat tileigning som finst under kapitalismen.

Grunnlova for kapitalismen er lova om maksimalprofitt for kapitalistane. Den proletariske revolusjonen gjer det mogleg å la ei anna grunnlov styre produksjonen under sosialismen, nemleg størst mogleg oppfylling av dei veksande materielle og kulturelle behova til folket. Den kapitalistiske økonomien bygger på utbytting. Målet for den sosialistiske økonomien er å avskaffe utbytting, slik at heile resultatet av produksjonen vert brukt i samsvar med interessene til folket.

Den sosialistiske økonomien må organiserast som ein planøkonomi. Med planøkonomi vert det mogleg å styre utnyttinga av ressursane og skape likevekt mellom dei ulike sektorane i økonomien. Slik vert det også mogleg å unngå dei sykliske overproduksjonskrisene som kapitalismen aldri kan fri seg frå.

Planøkonomien gjer det mogleg å få slutt på den antagonistiske motseiinga mellom by og land som finst under kapitalismen. For å trygge ei allsidig utvikling, kan midlar bli overførte til jordbruket og til industrireisning og grunnlagsinvesteringar i grisgrendte strøk, sjølv om slike investeringar ikkje er profitable etter kapitalistisk målestokk.

Under sosialismen blir det mogleg å vinne varige framgangar i kampen mot øydelegging av natur og menneskeleg miljø. Planøkonomien kan ta omsyn til dei totale samfunnsmessige kostnadene og den menneskelege velferda, og ikkje berre til overskotet i den einskilde verksemda.

Sosialismen legg til rette det objektive grunnlaget for full frigjering av kvinnene. Han må trekke kvinnene fullt ut inn i den samfunnsmessige produksjonen, frigjere dei frå ansvaret for arbeidet i heimen ved sosialisering av husarbeidet og ved at samfunnet tar ansva-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

ret for borna, steg for steg oppheve familien som økonomisk grunneining i samfunnet, og skipe ei samfunnsordning som bygger på verkeleg likeverd mellom kjønna. Slik avskaffar sosialismen dei to grunnsteinane som det borgarlege ekteskapet bygger på: at kvinnene er avhengige av mannen og at borna er avhengige av foreldra. Dette er mogleg fordi sosialismen frigjer produktivkreftene, og det er naudsynt for å utvikle den sosialistiske økonomien. Men det krev at kampen for full kvinnefrigjering mot borgarlege familieroller og det rotne kvinnesynet til det gamle utbyttarsamfunnet held fram under sosialismen.

Sosialismen gjer det mogleg å overføre større midlar enn i dag til sektorar som ikkje er beinveges produktive, slik som helsestell, skolestell, vitskap og kunst, idrett, eldreomsorg osb.

Fordi sosialismen frigjer produktivkreftene, vert det mogleg å avskaffe fattigdomen og nauda i verda, og på lenger sikt legge grunnlaget for å avskaffe alle klasseskilje. Med utviklinga av produksjonen meiner vi slik produksjon som tener verkelege menneskelege behov, og ikkje produksjon som berre gir profitt til dei få, kastar bort ressursar og øydelegg natur og menneskeleg miljø.

At den sosialistiske planøkonomien har middel til å løyse økonomiske problem som er overlegne dei som finst under kapitalismen, fører ikkje til at økonomien går bra av seg sjølv. I den første tida etter revolusjonen kan eit land vere kraftig øydelagt. Da vil sosialismen trenge ei tid med konsolidering og gjenoppbygging før han får høve til å vise at han er økonomisk overlegen. Men sjølv da er ikkje alle problem løyste.

Sosialismen må ta omsyn til økonomiske lover og sjå til at produksjonen som heilskap går med overskot. Sosialismen må løyse motseiingar mellom ulike sektorar og i distribusjonen. I motsett fall vert det økonomiske skadeverknader. Den sosialistiske statsplanen må ta rett omsyn til behova i heile landet, behova til

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

ulike sektorar og lokale behov. Om planen er feil eller om det ikkje finst spelerom for lokalt initiativ, rom for å møte endringar som ikkje er føresette osb., kan det føre til kriser.

Restar frå kapitalismen vil finnast lenge i økonomien i sosialistiske land. Utanom sosialistisk statseigedom vil det finnast ulike slag privateigedom og gruppeeigedom. Vareproduksjon og pengar vil òg vere naudsynte lenge. Samstundes kan dette føre til utvikling av kapitalisme. Tilhøva til den kapitalistiske verdsmarknaden vil òg verke inn på den sosialistiske økonomien.

Organiseringa av produksjonen vil frå starten av vere prega av arven frå kapitalismen, restar av borgarleg byråkrati og store skilje mellom administrative leiarar og produktive arbeidarar. Borgarlege folk i leiinga for produksjonen og staten kan ta over statseigedom og gjere han til sin eigen.

Dersom problema blir løyste feil, kan det oppstå økonomiske kriser under sosialismen. Det er ikkje mogleg å opprette balanse mellom alle delane i ein sosialistisk økonomi ein gong for alle. Balanse vil bli avløyst av ubalanse og skjerpa motsetnader, og ny balanse må skapast gjennom kamp. Utviklinga av den sosialistiske økonomien kan bli skadd anten ho vert pressa for snøgt fram eller ho får gå for sakte. Feil kan tilmed føre til så sterke kriser at sosialismen kan bryte saman.

Så lenge det finst eit borgarskap, ei kapitalistisk omverd og produksjonen ikkje er så høgt utvikla at det er mogleg å gjere slutt på vareproduksjonen, så lenge er gjenreising av kapitalismen mogleg.

Rett utvikling av den sosialistiske økonomien krev at arbeidsfolk blir med i demokratiske drøftingar, vedtak og gjennomføring av planane. Samtidig er ein utvikla sosialistisk økonomi også ein føresetnad for eit høgt utvikla sosialistisk demokrati der det blir mogleg for mange arbeidarar og andre arbeidsfolk å ta direkte

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

del i leiinga av økonomien og staten. Arbeidarklassen må lære å kjenne dei økonomiske lovene som gjeld for sosialismen, slik at han kan drive klassekamp mot freistnader på å gjenopprette kapitalistisk økonomi.

c) Proletariatets diktatur og proletarisk demokrati

Statsforma under sosialismen er proletariatets diktatur. Dette er ikkje lenger ein stat i den opphavlege tydinga av ordet. Statar før i historia er reiskapar ein klasse bruker for å undertrykke ein annan og sikre utbyttinga, mens proletariatets stat har som si oppgåve å trygge ei samfunnsutvikling som skal avskaffe klassane. Den sosialistiske staten er ikkje ein maskin som den vesle utbyttarklassen nyttar til å undertrykke det overveldande fleirtalet av folket. Proletariatets diktatur er ein maskin som arbeidarklassen nyttar for å undertrykke eit lite fåtal av utbyttarar, medan det er demokrati for det overveldande fleirtalet av folket.

Den viktigaste oppgåva for staten til proletariatet er å fremje produksjonen til beste for det arbeidande folket, trygge demokratiet for fleirtalet, underkue utbyttarar og dei som vil gjenopprette kapitalismen og forsvare landet mot åtak frå framande imperialistmakter.

Statsmakta må vere leidd av folkevalde organ som arbeider etter dei retningslinjene Marx og Lenin utvikla: «Vegen ut av parlamentarismen går sjølsagt ikkje gjennom å avskaffe dei representative organa og valprinsippet, han går gjennom å gjere dei representative organa om frå prateklubbar til "arbeidande organ" » (Lenin)*, og Marx: «Kommunen skal vere eit arbeidande organ, ikkje parlamentarisk organ, utøvande og lovgjevande til same tid.»**

* Lenin: «Staten og revolusjonen» (1971), i *Utvalgte verker i 12 bind,* b. 8, Oktober 1977, s. 61.

** Marx: «Borgarkrigen i Frankrike» (1871), i *Marx/Engels Werke, b. 17, Berlin, 1976, s. 339.*

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Arbeidarklassen kan ikkje bruke den gamle kapitalistiske statsmaskinen til å arbeide for seg. Den er knytta til borgarskapet og imperialistiske makter med tusen band, og vil sabotere ordrar frå ei sosialistisk regjering med støtte frå fleirtalet av folket. Derfor må arbeidarklassen og folket knuse den gamle borgarlege staten, avvæpne og oppløyse den borgarlege hæren og det gamle statsbyråkratiet. Arbeidarklassen må organisere eit nytt statsapparat med tenestemenn som er lojale mot det arbeidande fleirtalet og ikkje mot borgarskapet. Forfatninga må slå fast at dette er staten til arbeidarklassen og det arbeidande folket og at han skal tene deira interesser.

Kjernen i denne statsmakta — som i alle andre statsmakter — er våpenmakta. Men hæren under sosialismen skil seg frå tidlegare hærar ved at han er bygd på *folkevæpning*. Kommunistpartiet må spele den leiande rolla i hæren. Under sosialismen er våpenmakta berre retta mot framand imperialisme, reaksjonære opprørarar og kriminelle valdsmenn.

Proletariatets diktatur kan berre vere ei sterk statsmakt som kan stå imot indre reaksjon og åtak frå imperialistar, dersom det bygger på verkeleg demokrati for det arbeidande folket. Det er eit mål at så mange som mogleg skal bli med på å drøfte og avgjere statssaker. Det er ønskjeleg at meir og meir av statstenesta etterkvart vert utført på arbeidarløn og utan særskilde føremoner framfor anna arbeid, og at tenestemenn også tar del i produksjonen noko av tida.

Under proletariatets diktatur må fagrørsla og andre masseorganisasjonar utvikle brei demokratisk diskusjon og kome med framlegg, kontrollere og diskutere staten og regjeringa, og sjølve aktivt ta del i arbeidet for å endre samfunnet. Verkeleg demokrati for arbeidarklassen og det arbeidande folket er berre mogleg når borgarskapet blir undertrykt. Om tidlegare kapitalistar, agentar for imperialismen eller andre reaksjonære grip til våpen mot sosialismen, må dei under-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

kuast med våpenmakt. Men så lenge reaksjonen ikkje vågar å gripe til våpen, er *det politiske massearbeidet* det viktigaste våpenet for arbeidarklassen i kampen for å undertrykke borgarleg politikk.

Proletariatets diktatur kan ikkje tryggast utan omfattande demokrati for dei arbeidande massane. Det krev personleg rettstryggleik, verkeleg ytringsfridom og fridom til debatt og kritikk, på møte, i pressa osb. Dette må òg omfatte retten til kritikk av regjeringa og kommunistpartiet.

d) Rolla til kommunistpartiet

Sosialismen og proletariatets diktatur kan ikkje stå ved lag utan eit ekte marxist-leninistisk kommunistparti i leiinga.

Sjølv lenge etter at borgarskapet er styrta, kan det vere stor fare for at det tar makta igjen. Det har kan hende framleis ein del rikdom og produksjonsmiddel, og det har innverknad over folk, er røynd i politikk, økonomi og militærkunst, og har sterke samband innanlands og utanlands.

Sosialismen kan berre stå ved lag om arbeidarklassen på si side har ein prinsippfast, røynd og sterk organisert kjerne som kan leie revolusjonen vidare.

Kommunistpartiet må leie proletariatet og det arbeidande folket politisk ved å utvikle riktige linjer for å bygge opp den sosialistiske økonomien, vidareutvikle den proletariske statsmakta og det sosialistiske demokratiet og trygge det nasjonale sjølvstendet. Partiet må leie ved å utvikle rett politikk ved hjelp av masselinja og drive politisk kamp for å vinne oppslutning frå massane om linja si, og vinne den politiske leiinga i fagrørsla og andre masseorganisasjonar slik at dei stør partiet si linje for å utvikle sosialismen.

Partiet må spele den leiande rolla i staten. Samstundes er det avgjerande viktig at kommunistpartiet under

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

sosialismen held fram med å vere eit ekte, revolusjonært arbeidarparti. Organisasjonen til kommunistpartiet må ikkje bli eit vedheng til statsapparatet. Kommunistpartiet må vere dominert av arbeidarar og andre arbeidsfolk som ikkje sit i administrative stillingar, men deltar i produksjon og anna vanleg arbeid. Partifunksjonærar bør jamleg delta i produksjonen. Partimedlemer i viktige statsstillingar bør ikkje ha økonomiske føremoner som gjer at dei i levesett skil seg frå den klassen dei skal tene.

Partiet må vere den framskridne avdelinga til dei arbeidande massane og halde sine nære band til heile det arbeidande folket ved lag, det må ikkje vere eit apparat av funksjonærar.

Det er også avgjerande viktig at partiet held fast på den revolusjonære, marxist-leninistiske linja si. Det krev at partiet har ei vitskapleg holdning, studerer både teorien og røynslene grundig, og nyttar kritikk og sjølvkritikk. Partiet må kjempe mot borgarleg politikk og ideologi i og utanfor rekkene sine. Det må utvikle linjekampen gjennom levande demokratisk diskusjon og krevje streng disiplin når linja skal settast ut i livet.

e) Klassekampen under sosialismen

«Det sosialistiske samfunnet dekker ein ganske lang historisk epoke. I den historiske epoken for sosialismen finst det framleis klassar, klassemotseiingar og klassekampar, det går for seg ein strid mellom den sosialistiske vegen og den kapitalistiske vegen, og faren for kapitalistisk gjenoppretting er framleis til stades.» (Mao Zedong)*

Klassekamp når det gjeld økonomien, når det gjeld

* Mao på Sentralkomiteens arbeidskonferanse i Peitaiho, august 1962, og på den 8. Sentralkomiteens 10. plenumsmøte, september samme år. Sitert med kjeldetilvising m.a. i «New China's First Quarter Century», Peking 1975, s. 98—99 (note).

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

statsmakta si form og når det gjeld menneska sine vanar og tenking, avgjer om sosialismen skal halde seg oppe og utvikle seg, eller om han skal li nederlag.

I det sosialistiske samfunnet finst det to slag klassemotseiingar, motseiingane i folket og motseiingane mellom folket og fienden. Dei er ulike i innhald, og må handsamast på ulikt vis.

Motseiingar i folket under sosialismen er slike som desse: Motseiingar mellom ulike grupper innanfor arbeidarklassen, mellom ulike lag blant bøndene, mellom arbeidarklassen og bøndene, mellom dei intellektuelle og arbeidarane og bøndene, mellom ulike grupper intellektuelle osb. Det vil også vere motseiingar mellom staten og folket, mellom interessene til kollektivet og individet, mellom leiinga og dei som vert leidde, mellom folket og tendensar til byråkrati osb.

Motseiingar mellom folket og fienden under sosialismen er slike som desse: Mellom arbeidsfolk som før vart utbytta og dei gamle utbyttarane som vil ha makta si attende, mellom arbeidsfolk og reaksjonære i stat og parti som vil undertrykke folket og gjenopprette kapitalismen, mellom folket og agentar for utanlandske imperialistmakter, mellom det sosialistiske landet og framande imperialistar som vil legge landet under seg.

Desse motseiingane må løysast på ulikt vis, elles kan det skade sosialismen. Om til dømes delar av folket vert handsama som om det dreidde seg om fienden og dei vert undertrykte, så kan dei òg bli motstandarar av sosialismen. Men dersom motseiingane blir handsama med demokratisk diskusjon, kan folket slutte seg tettare saman og løyse problemet som skapte denne kampen.

Historiske røynsler syner at ein stor fare for det sosialistiske samfunnet er at staten og det kommunistiske partiet blir tatt over innanfrå av eit nytt borgarskap. Borgarlege leiarar kan forvandle staten og partiet til organ som undertrykker arbeidsfolk, gjer leiarane rike

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

og stør gjeninnføring av kapitalismen. Kampen mot borgarer som freistar å ta over statsmakta innanfrå er ein viktig del av klassekampen under sosialismen.

Under sosialismen vil det også vere periodar da klassekampen vert skjerpa, det oppstår store vanskar og proletariatet opplever somme atterslag. Alle revolusjonar går gjennom motgangstider. Det har aldri hendt at ei ny samfunnsform har fått fotfeste utan mange atterslag og mistak.

Så lenge det finst klassekamp, trengst det eit kommunistisk parti som kan vere leiinga til arbeidarklassen. Partiet må leie proletariatet i kampen for å bryte ned restane av kapitalismen, bygge sosialismen og utvikle han vidare fram til det kommunistiske samfunnet. Partiet må slåst for å halde på leiinga i arbeidarklassen ved å bruke politisk diskusjon og overtyding og halde fast på einskapsfronten med alle som strir for framsteg, ikkje med byråkratiske kampmetodar. Ein viktig del av klassekampen under sosialismen vert kampen mellom marxisme og revisjonisme innanfor kommunistpartiet sjølv, for at partiet skal halde fram som arbeidarklassens revolusjonære parti og ikkje bli eit borgarleg reaksjonært parti.

KAPITTEL 30
Dei første oppgåvene for sosialismen i Noreg

Kva dei første oppgåvene etter ein revolusjon i Noreg vil vere, kan ein ikkje avgjere i detalj. Det vil vere avhengig av tilhøva i landet etter revolusjonen. Til dømes vil oppbygginga av sosialismen i eit land som er rasert etter ein krig måtte prioritere andre oppgåver enn om sosialismen overtar heile produksjonsapparatet intakt. Punkta programmet nemner her må bli sett i ein slik konkret historisk samanheng.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

a) Skipe ei proletarisk statsmakt og eit proletarisk demokrati

Føresetnaden for at arbeidarklassen kan bygge sosialismen er at han opprettar proletariatets diktatur.

Etter sigeren i revolusjonen må arbeidarklassen sjå til at den gamle utbyttarklassen er avvæpna, og han må byrje organiseringa av si eiga statsmakt under vern av ein folkehær.

Sentrale statsorgan må bli sette ned og kontrollerte av folkevalde forsamlingar. Røysteretten må bli utvida til å gjelde ikkje berre val av delegatar, men også retten til å kalle dei attende og byte dei ut med andre når som helst. På same vis må domstolane, leiinga av industrien, jordbruket, handelen osb. vere under verkeleg folkevald kontroll. Det arbeidande folket må få innsyn i statssaker og høve til å ta meir beinveges del i styret av landet. Det må bli innført arbeidarkontroll både i staten og i verksemdene.

Demokratiske masseorganisasjonar, særskilt fagrørsla, må spele ei viktig rolle i det sosialistiske demokratiet. Dei må diskutere statssaker, kome med framlegg og kritikk og også få høve til å vere med på det praktiske arbeidet med å bygge det sosialistiske samfunnet.

Fagforeiningar og andre masseorganisasjonar må vere uavhengige av statsorgana. Fagforeiningane må ha retten til å slåst for interessene til dei fagorganiserte, streikeretten irekna.

Staten må arbeide for å bryte ned byråkrati og privileg og oppmode til kamp mot leiarar i staten og økonomien dersom dei undertrykker arbeidsfolk. Systemet med at leiarar tar del i produktivt arbeid ein del av året må bli tillempa.

Staten må trygge talefridom, prentefridom og organisasjonsfridom for folket. Diskriminering på grunn av rase, nasjonalitet, religion, livssyn, kjønn eller seksuell orientering må vere forbode. Kyrkja må haldast

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

skild frå staten. Staten må trygge rettstryggleik for folket og slå ned på kriminalitet. Han må undertrykke kontrarevolusjonære som vil gjere opprør mot sosialismen. Tilhøvet mellom den sosialistiske staten Noreg og den samiske nasjonen må vere ordna på grunnlag av prinsippet om nasjonal sjølvråderett og etter den frie viljen til samane. (Sjå Samepolitisk program for AKP(m-l).)

b) Trygge Noregs sjølvstende og kjempe mot imperialismen

Sigeren for proletariatet i Noreg kan ikkje tryggast før sosialismen har vunne i verdsomfang. Den sosialistiske staten må derfor føre ein utanrikspolitikk som vernar Noregs nasjonale sjølvstende og gjer Noreg i stand til å møte aggresjon frå framande imperialistmakter. Han må hevde Noregs integritet og suverenitet over alt retteleg norsk territorium medrekna Svalbard, Jan Mayen, territorialfarvatna og kontinentalsokkelen.

Regjeringa må seie opp alle avtalar som legg Noreg under sterkare imperialistiske land. Han må kaste ut alle militæranlegg imperialistmaktene har i Noreg og undertrykke imperialistiske spionorganisasjonar i Noreg.

Noreg må slutte seg saman med dei som kjempar mot undertrykking, stø frigjeringsrørslene mot imperialismen og samarbeide med statar som kjempar mot hegemoni. Tilhøva til statar med andre samfunnssystem må ordnast ut frå dei fem prinsippa for fredeleg samlivnad.*

---

* Dei fem prinsippa for fredeleg samlivnad, utforma på Bandungkonferansen i 1955:
— Begge partar må vise vørdnad for suverenitet og territoriell integritet.
— Partane nyttar ikkje aggresjon mot kvarandre.
— Ikkje-innblanding i indre tilhøve.
— Likestilling og føremon for begge partar.
— Fredeleg samlivnad.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Regjeringa må gjere kjend at ho gir avkall på avtalar som gir Noreg rett til imperialistisk utbytting i utlandet og gir avkall på norsk imperialistisk eigedom i utlandet.

c) Gjere monopola til sosialistisk statseigedom, skape planøkonomi

Den sosialistiske staten må straks gjere ein del av den kapitalistiske eigedomen til sosialistisk statseigedom:

— Dei store kapitalistiske statsmonopola som finst før revolusjonen.

— Bankar, finansinstitusjonar og forsikringsselskap.

— Dei store private monopola (irekna utanlandsk imperialistisk eigedom).

— Selskap som driv med produksjon som er militært viktig.

— Industri, gruvedrift og transport som kan vere særleg farleg for natur og menneskeleg miljø.

— Opprette statsmonopol for utanrikshandelen.

Med dette eig den sosialistiske staten dei dominerande selskapa i industri, gruvedrift, bygge- og anleggsverksemd, dei store jord- og skogeigedomane som før høyrde til godseigarar, dei største verksemdene i transport, dei store reiarlaga, varehuskjedene og heile bank- og forsikringssektoren.

Med dette vert den norske økonomien grunnleggande sosialistisk, sjølv om det framleis vil finnast ein kapitalistisk sektor ei tid. Staten må bruke ulik taktikk overfor ulike kapitalistgrupper frå konfiskasjon til oppkjøp og ekspropriasjon med vederlag. Privatkapitalistisk verksemd som får halde fram ei tid må bli kontrollert av staten og gi tilskot til utviklinga av den sosialistiske økonomien.

Det er eit mål at den småborgarlege eigedomen skal bli omlaga til sosialistisk gruppeeigedom, mellom anna

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2007

i jordbruk og fiske. Men det må skje frivillig og over lang tid. I den første tida av sosialismen vert det naudsynt for staten å stø småprodusentane aktivt for å fri dei frå den gamle utbyttinga frå monopola og kapitalinteressene i jordbruk og fiske.

Bygginga av den svære sosialistiske statssektoren gjer det mogleg å gjennomføre sosialistisk planøkonomi. Produksjonen må styrast ut frå ein statsplan. Staten må mobilisere massane til å utvikle statsplanen og sette han ut i livet ved å legge han ut til demokratisk debatt før han vert vedtatt av sentrale statsorgan.

Planøkonomien må bygge på ein høg grad av relativ sjølvforsyning av dei produkta landet treng. Dette vil føre med seg stor etterspurnad etter arbeidskraft. Det gjer også at landet står sterkare budd overfor internasjonale økonomiske kriser, boikott-tiltak frå imperialistmaktar, krig og liknande.

d) Arbeide for å oppfylle dei viktigaste behova for folk

Gjennomføringa av sosialistisk planøkonomi gjer det mogleg å utvikle produksjonen og etterkvart oppfylle fleire og fleire av behova folk har. Med behov meiner vi både nødvendig personleg konsum, kollektivt konsum som helsevesen, skolar, offentleg kulturverksemd osb., forsvar, tiltak for å verne natur og menneskeleg miljø.

Sosialismen må i første rekke syte for levekåra til dei fattigaste delane av folket, sikre arbeid til alle som kan arbeide, trygge levekåra for uføre og pensjonistar, auke løna til dei lågast lønte og sikre bustad til alle.

Staten må òg nytte delar av dei frigjorte produktivkreftene til ei rask utbygging av helsestell og utdanningsvesen.

Dei økonomiske og politiske tilhøva må leggast til rette for at kvinna skal få spele si rolle i samfunnet på

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

lik linje med mannen. Staten må stø kvinna sin kamp for verkeleg likestilling.

Sosialismen må legge tilhøva til rette for vitskap og kunst og fremje politikken med å «la hundre blomar bløme og hundre tankeretningar kappast».*

Sosialismen må bøte på dei store skadane på natur og miljø som kapitalismen har gjort seg skuld i, og gjere den sosialistiske industrien til eit føredøme i omsynet til natur og miljø.

Filleproletarar, kriminelle, prostituerte osb. må få oppseding og hjelp, slik at dei kan vende ryggen til fortida, arbeide og bli medlemer av samfunnet med same rettar og plikter som andre.

Kor raskt det er mogleg å løyse dei ulike oppgåvene, heng saman med korleis stoda er i landet etter revolusjonen, om landet er herja av krig, om den gamle herskarklassen lukkast med sabotasje osb. Men i alle høve vert sosialismen eit samfunn der arbeidsfolk får nytte evnene sine og skaparkrafta si på ein måte som kapitalismen ikkje tillet. Derfor vil sosialismen føre til oppbløming av produksjon og kultur som ikkje noka tidlegare samfunnsform kan vise maken til.

KAPITTEL 31
Utviklinga av sosialismen til kommunismen

Det endelege målet for AKP(m-l) er ikkje eit sosialistisk samfunn, men eit klasselaust, kommunistisk samfunn.

Under sosialismen blir proletariatet og folket herrar over statsleiinga og produktivkreftene. Dette gjer det

* Mao: «Om den riktige behandlinga av motsigelser i folket» (1957), i *Verker i utvalg*, b. 5, Oktober 1977, s. 420.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

mogleg for fleirtalet av arbeidande menneske å avgjere utviklinga av menneskesamfunnet.

«Først frå den stunda vil menneska skape si eiga historie på fullt medvete vis, først da vil dei samfunnsmessige årsakene som menneska set i rørsle i hovudsak og i stadig veksande mon også få dei verknadene menneska sjølv siktar inn mot.» (Engels)*

Derfor er sosialismen «den første fasen i kommunismen» (Lenin).**

Men sosialismen er enno ikkje fullt utvikla kommunisme. Framleis finst det enno mange restar frå kapitalismen. Det finst klassar og eit statsapparat. Fordi produksjonen enno er avgrensa, blir det naudsynt å fordele produktet etter prinsippet «frå ein kvar etter evne — til ein kvar etter arbeid.» Det vil enno lenge finnast privateigedom og gruppeeigedom, ein marknad og ei kapitalistisk omverd. Det vil finnast restar av borgarleg byråkrati og vere motsetnader mellom dei som styrer og det store fleirtalet i stat og produksjon. Det vil finnast restar av kvinneundertrykking. Det vil vere motsetnader mellom åndsarbeid og kroppsarbeid og mellom by og land. Det vil vere motsetnader mellom nasjonar og statar. Restar av borgarleg ideologi vil halde fram i kulturen, i vanane og i tenkinga.

Først når alt dette er overvunne, har menneskesamfunnet nådd det utviklingsnivået som gjer det rett å kalle det fullt utvikla kommunisme. Sosialismen er *overgangssamfunnet* mellom kapitalismen og den fullt utvikla kommunismen, «perioden da det eine samfunnet blir endra revolusjonært til det andre» (Marx).***

---

* Engels: «Anti-Dühring» (1877/78), i *Marx/Engels Werke*, b. 20, Berlin 1975, s. 264.

** Lenin: «Staten og revolusjonen» (1917), i *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 8, Oktober 1976, s. 113.

*** Marx:«Kritikken av Gotha-programmet» (1875), Oktober 1977, s. 26.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Denne overgangstida vil ta fleire generasjonar. Det kjem av at utviklinga av eit fullt ut kommunistisk samfunn krev føresetnader som ikkje finst på jorda i dag, og som ikkje vil oppstå på lang tid enno.

Det krev at arbeidarklassen får makta i alle land i verda, gjer slutt på all imperialisme og all nasjonal underkuing.

Vidare krev det ei svær utvikling av den samfunnsmessige produksjonen, som gjer det mogleg å endre menneska sitt forhold til arbeidet, den samfunnsmessige arbeidsdelinga og fordelinga, slik at det blir annleis enn både kapitalismen og sosialismen:

«I ein høgare fase av det kommunistiske samfunnet, når den kuande underordninga av individa under arbeidsdelinga er blitt borte, og dermed også motsetnaden mellom åndsarbeid og kroppsarbeid, etter at arbeidet ikkje berre er eit middel til å halde livet oppe, men sjølv er blitt det viktigaste livsbehovet, og etter at også produktivkreftene har vakse side om side med at individa har utvikla seg allsidig og alle kjeldene til den felles rikdomen flyt meir rikeleg — først da kan den tronge horisonten til den borgarlege retten overskridast heilt, først da kan samfunnet skrive på fanene sine: "Frå ein kvar etter evner, til ein kvar etter behov!"» (Marx)*

Vidare krev det at det store fleirtalet i samfunnet *sjølv* evnar å organisere og leie produksjonen og kontrollere det vesle mindretalet av utbyttarar og reaksjonære. «Di meir demokratisk den staten vert som er sett saman av dei væpna arbeidarane, og som "ikkje lenger er ein stat i rette tydinga av ordet", di snøggare tek *kvar form* for stat til å visne bort. — For når *alle* har lært å administrere, og verkeleg administrerer produksjonen i samfunnet sjølvstendig, fører sjølvstendig ettersyn og kontroll over snyltarane, rikmannssønene,

* Marx: Same verk, s. 19.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

svindlarane og andre "vaktarar av dei kapitalistiske tradisjonane", da er det nøydd til å verte så utruleg vanskeleg å kome seg unna slikt folkeleg ettersyn og kontroll ... at det *naudsynte* i å halde seg til enkle, grunnleggande reglar i fellesskapen temmeleg snart vil verte ein *vane*. — Da vil dei dørene verte opna på vidt gap som fører over frå den første fasen i det kommunistiske samfunnet til den høgare, og med det til at staten visnar fullstendig bort.» (Lenin)*

Proletariatet kan berre skape desse føresetnadene gjennom mange år med klassekamp. Derfor sa Lenin om tida under sosialismen at ho er «ein hardnakka strid, ein blodig og ublodig, valdeleg og fredeleg, militær og økonomisk, pedagogisk og administrativ strid mot kreftene og tradisjonane frå det gamle samfunnet.»**

Arbeidarklassen og det arbeidande folket må kjempe i mange år med å utvikle produksjonen, styrke arbeidarkontrollen og det sosialistiske demokratiet, endre arbeidsdelinga, utvide sosialistisk eigedom og avgrense borgarleg rett i fordelinga. Dette kan berre skje steg for steg og ettersom utviklinga av økonomien og produksjonen legg grunnlag for det.

Ikkje noko av dette vil gå av seg sjølv. Det vil krevje kamp både mot den borgarlege reaksjonen og mot grupper og lag innanfor folket sjølv som ser interessene sine tente med å bli ståande på eit særskilt nivå i den sosialistiske utviklinga og ikkje gå vidare til det neste. Vegen er ikkje godt kjend enno, og det kjem til å bli gjort mange feil. Samstundes som proletariatet leier folket i kampen for å omskape verda, må proletariatet lære å omskape seg sjølv.

---

* Lenin: «Staten og revolusjonen» (1917), i *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 8, Oktober 1978, s. 124.

** Lenin: «"Venstre"-kommunismen — en barnesjukdom» (1920), i *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 11, Oktober 1976, s. 123.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

Utviklinga av menneskesamfunnet kjem ikkje til å ta slutt med det. Det kjem framleis til å finnast motsetnader mellom menneska, rett vil kjempe mot urett og gamalt mot nytt. Men menneska vil leve og arbeide saman utan å undertrykke kvarandre, fordeling vil skje etter kva folk treng og ikkje ved hjelp av pengar og ein marknad, arbeid vil bli ei kjelde til lykke og utvikling og ikkje noko som trælbind eit fleirtal på jorda.

Det siste og største målet til AKP(m-l) er å føre denne tida nærmare.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

DEL VII
Arbeidarklassens kommunistiske parti

KAPITTEL 32
Kva er AKP(m-l)?

a) AKP(m-l) vil leie kampen for revolusjonen

Arbeidarklassen kan ikkje nøye seg med å vente passivt på at kapitalismen skal ramle saman. For at sosialismen skal bli oppretta, må arbeidarklassen sjølv handle medvete og med sterk vilje, for å ta makta og byrje å omdanne samfunnet.

Dette krev at arbeidarklassen har ein eigen politisk organisasjon som kan leie kampen for revolusjonen. AKP (m-l) er skipa for å fylle denne oppgåva. AKP(m-l) vil ta opp i seg dei mest medvetne revolusjonære frå arbeidarklassen og andre klassar, dei som klårast ser dei langsiktige måla til proletariatet, og som vil bruke livet sitt til å kjempe for kommunismen. Desse mest målmedvetne vil arbeide for å samle heile arbeidarklassen og heile det arbeidande folket til ei felles kraft som kan ta makta frå borgarskapet i Noreg.

AKP(m-l) er beraren av den revolusjonære teorien til arbeidarklassen. AKP(m-l) knyttar marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking saman med eigne analysar for å rettleie kampen for sosialisme i Noreg.

AKP(m-l) bygger på den proletariske internasjonalismen. Om arbeidsfolk i heile verda skal frigjere seg, må folka i alle land stø kvarandre. Partiet kjempar mot sjåvinisme og rasisme i Noreg. AKP(m-l) stør ar-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

beidarar i kamp, frigjeringsrørsler, undertrykte land, revolusjonar og revolusjonære statar i heile verda.

AKP(m-l) er ein del av den kommunistiske verdsrørsla. Vi lærer av Paris-kommunen, Oktober-revolusjonen i Russland, den kinesiske revolusjonen og andre viktige røynsler frå den kommunistiske verdsrørsla. AKP(m-l) søker kontakt med dei mest målmedvetne av dei revolusjonære i verda, dei verkelege marxist-leninistiske partia og organisasjonane. AKP(m-l) stør dei og lærer av dei.

AKP(m-l) er eit sjølvstendig proletarisk parti i Noreg. Berre kommunistane og arbeidsfolk i Noreg kan utvikle ei linje som er rett for sosialismen her. AKP (m-l) korkje kan eller vil lage nokon kopi av det som er gjort i andre land. Dei russiske sosialimperialistane har gjort mange tidlegare kommunistparti til femtekolonnar for seg. Dette er ei svært alvorleg røynsle. Det syner at ingen andre enn partiet sjølv må avgjere politikken til AKP(m-l). I den kommunistiske verdsrørsla må alle verkelege marxist-leninistiske parti stå på like fot. AKP(m-l) må aldri underordne seg noka utanlandsk makt, men må alltid vere ein reiskap for arbeidsfolk i Noreg.

